




SPRÅKLIG SAMLING

Nr. 3 – 1985 26. årg. Kr. 15,00



Tema:

Islandskspråkrøkt og språkdebatt

Islandske namn og andre

Det kan vere stor forskjell på korirkete folk er når det gjeld rettskriving, men dei fleste vil vere samde om at det dei minst av alt likar å sjå feilskrive, er namn – og da spesielt eins eige namn. Namnet vårt er det fremste språklege identitetsmerket vi har, og slurving og sjusking med det blir allment tolka som mangel på respekt for den personen det gjeld.

Så lenge namnet er i samsvar med generelle normer for skrift og uttale i det aktuelle språket, er det greitt. No har mange namn skrivemåtar som bryt med desse generelle normene, t.d. Willoch, Buttedahl og Koritzinsky, for å ta noen kjente politikarnamn som tilfeldige døme. Somme skriv Nordvik og Jacobsen, andre Norvik og Jakobsen. Men det er ei like uavkorta anstendigheitsnorm at namna skal skrivas slik beraren har bestemt det.

Alt ville ha vore greitt om alle land hadde hatt dei same normene for korleis namn blir oppbygd og skrivne. Men slik er det ikkje. På Island har dei fleire bokstavar som ikkje fins i vårt alfabet. Det same gjeld blant mange andre samar, færøyningar, tsjekkoslovakar og jugoslavar. Å få namna sine rett skrivne utanfor eige heimland kan vere nok så problematisk for slike nasjonalitetar. Og gjeld det svært fjerne språksamfunn med svært spesielle skriftteikn (og no tenker vi berre på språk der skrifta er basert på det latinske alfabetet), så må vi vel kompromisse med dei ideelle fordringane. Men vi kan vere strengare når det gjeld nærliggande språksamfunn som det islandske og det samiske. Greier vi ikkje å skrive namn derfrå rett med dei få ekstra skriftteikna som skal til, er det viljen som er for därleg, ikkje teknikken.

Islendingane har det problemet i tillegg at namna deira er oppbygd annleis enn våre. Fornamnet er det eigentlege namnet, etternamnet (på -son eller -dóttir) berre eit tillegg som viser farens (svært sjeldan moras) namn, eit såkalla patronymikon («farsnamn»). Å bruke etternamnet lausrive fra fornamnet, er derfor feil. Og det kan vere fatalt for ein utlending som kjem til Reykjavík og skal ha tak i ein person utan å ha merka seg fornamnet. Da nyttar det i alle fall ikkje å slå opp i telefonkatalogen.

Det bør reknas som vanleg god skikk å bruke også islandske namn rett, altså refere til folk med berre fornamnet eller med

Språklig Samling

Redaksjon: Øyvind Haaland (ansv. red.),
Lars S. Vikør (red.sekr.),
Knut S. Vikør, Ivar Utne

Bladpenger: Kr. 45,-

Utgitt av:

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Medlemspenger: Kr. 65,- pr. år; for skolelever,
studenter og pensjonister: Kr. 40,-

Leder: Lars S. Vikør

Lagets og bladets adresse:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo 1

Postgiro 5 16 37 87

Utgitt med støtte fra Norsk kulturfond

INNHOLD

TEMA: ISLANDSK SPRÅKRØKT OG SPRÅKDEBATT

Tre intervju:

- Baldur Jónsson: Terminologiarbeidet er viktigast 4
Árni Böðvarsson: Kringkastingsspråket
skal vere føredøme 8
Eiríkur Rögnvaldsson: Eg vil ikkje ha noen
domstol som skal dømme om rett og gale 10
Helge Sandøy: Ideologiar og argumentasjon i
islandsk språkdebatt 14

BØKER


- Helge Sandøy: Gustav Indrebø – forskaren og
stridsmannen
(Kjell Venås: *For Noreg og Ivar Aasen,*
Gustav Indrebø i arbeid og strid) 18
Helge Omdal: Nytt om stavangersk i oljealderen
(Finn Gabrielsen: *Eg eller je? Ei sosiolingvistisk
granskning av yngre mål i Stavanger*) 20
Lars S. Vikør: Frå Æ til EG
(Geir Lorentsen o.a.: *Frå dialekt
til nynorsk. 2. utgåve*) 21
Pål Styrk Hansen: Om å tenke koffert og sånn
(Tone Tryti: *Norsk slang*) 22
Skrifter frå Nordisk språksekretariat 22
Magne Aksnes: Ivar Hundvin 60 år 23
Lars S. Vikør: Áse Gruda Skard til minne 23
Innkalling til landsmøte i LSS 23

heile namnet, og bruke fornamnet som utgangspunkt når ein set opp namn alfabetisk osv. Det er berre eit spørsmål om kunnskapar og god vilje, ikkje noe anna. Middelaldermeneske er vi for lengst vant til å behandle på denne måten, enten dei var norske eller islandske. Vi bør kunne respektere at islendingane har valt å halde på ein kontinuitet også på dette området.

Ei anna sak er at mange islendingar sjølve vel å følgje «internasjonale» (dvs. europeisk/amerikanske) normer i kontaktar med utlandet, også Norden. Det gjer det sjølv sagt vanskelegare for utlendingar å respektere islandsk namneskikk, fordi vi lett blir stående i eit litt komisk skjær som «meir katolske enn paven». Derfor hadde det vore av interesse også for oss om islendingane tok ein diskusjon om dette seg imellom og kom fram til ei meir konsekvent linje som vi andre kunne halde oss til og respektere.

LSV

Islandsks språkrøkt og språkdebatt



ÍSLENSK MÁLSTEFNA

Íslensk málstefna kan lauseleg omsettas med «islandske språkpolitikk». Og nettopp dette vart tatt opp som eit debattemne i vår gjennom eit temanummer av tidsskriftet *Skíma*, som blir gitt ut av den islandske morsmålslærarforeininga. Det er framsida på dette heftet vi ser over desse linene. Og det kan vere eit høveleg utgangspunkt for dette temanummetret av *Språklig Samling*, for her skal vi gjere eit forsøk på å «ta temperaturen på» ein debatt som eigentleg slett ikkje er så fersk, men som likevel er svært lite kjent utanfor Island.

Det bildet dei fleste av oss har av den islandsske språksituasjonen er prega av stabilitet: vi ser for oss eit land der folk nesten snakkar heilt likt, utan dialektar og sosiale språkskilnader, og der dei attpå til har snakka på same måten sia vikingtida – praktisk talt iallfall. Dei språkendringane vi veit foregår, gjeld moderniseringa av ordtilfanganget, og «alle» veit at islendingane aviser fremmendord og lagar sine eigne nyord for alle begrep språket treng.

Som dei fleste klisjeforestillingar, inneheld dette bildet mye sanning. Men det treng å nyanseras ein god del, og det skal vi prøve å gjere i dette heftet. Vi har oppsøkt

tre av dei mest framståande språkuitarane og språkrøktarane på Island i dag og bedt dei fortelje oss kva som skjer på «språkfronten» i landet slik dei ser det frå kvart sitt utsiktpunkt.

Baldur Jónsson er formann og dagleg leiar for den islandiske språknemnda, det sentrale språkrøktsorganet i landet. Han fortel om det arbeidet språknemnda og andre faginstansar gjer særleg med ordtilfang og terminologi, og kommenterer òg andre språkproblem som samfunnsutviklinga fører med seg og som truleg vil bli stadig meir omdiskutert.

Árni Böðvarsson er språkkonsulent i den islandske kringkastinga, og fortel om dei prinsippa han legg til grunn for rettleiingsarbeidet sitt der. Liksom i andre land har etermedia stor språkleg påverknadskraft.

Eiríkur Rögnvaldsson utfordra den tradisjonelle tenkinga om «rett/galen» og «god/dårleg» islandsk i ein artikkel i det nemte nummeret av **Skíma**, og måtte forsvere seg mot til dels hissige angrep i pressa etterpå. Vi har tatt utgangspunkt i denne artikkelen (som vi også set om eit lite utdrag frå) og spurt Eiríkur kor stor usemja eigentleg er og kva ho går ut på.

Ein nordmann som i mange år har følgt med i den islandske språkdebatten er **Helge Sandøy**, amanuens i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen. I ein artikkel analyserer han ideologiar og argumentasjon i denne debatten med særleg vekt på dei problema som blir drøfta i intervjuet med Eiríkur.

Sjølvsagt er det uråd å gi ei fullstendig og uttømmande framstilling av dette emnet på dei få sidene vi har til rådvelde her. Det blir berre glimt. Og noen objektiv og endeleg konklusjon om kva retning islandsk går i, og korleis islendingane **bør** stille seg til språket sitt og utviklinga av det – ja, det får vi sjølvsagt heller ikkje. Både dei islandske deltakarane og den norske observatøren må til sjua og sist bygge på sine eigne subjektive haldningar og verdisynt som alle som uttalar seg om norsk språkstrid, enten dei er nordmenn eller utlendingar.

Intervjuet med dei tre islandingane er laga av underskrivne under eit opphold i Reykjavík i juli i år. Dei fortener alle takk fordi dei stilte opp. Takk fortener også administrasjonen for *Nordens Hus* i Reykjavík fordi eg fekk bruke huset som «base» under arbeidet. Endeleg ein takk til redaksjonen for *Skíma* for løyve til å trykke noen av teikningane frå det aktuelle temanummeret; dei er laga av *Salvör Gissurardóttir*. For dei som vil vite meir om emnet og som les islandsk, anbefaler vi dette nummeret; det inneheld mange artiklar med ulike syn på saka. Det er gitt ut av *Samtök Íslenskra móðurmáls-kennara, Pósthólf 4304, IS-104 Reykjavík, Island*.

Lars S. Vikør

BALDUR JÓNSSON: TERMINOLOGIARBEIDET ER VIKTIGAST

Island har hatt si språknemnd, *Íslensk málnefnd*, sia 1964. Det var undervisningsdepartementet som den gongen oppnemnde tre språkekspertar til å ta seg av språkrøktsspørsmål, men nemnda kom på mange måtar til å bli hengande i lause lufta og spele ei nokså anonym og bortgjømt rolle i det islandske samfunnet. Kring 1980 forandra dette seg: nemnda begynte å arbeide aktivt for å bli eit samordnande og stimulerande organ for terminologiarbeidet i landet. I fjar fekk ho ein ny formell status i og med at Alltinget vedtok ei lov om språknemnda og om Íslensk málstöð, sekretariatet for nemnda.

Formann i nemnda sidan 1978 har vore Baldur Jónsson, og han er for tida også sjef for sekretariatet. Arbeidet for å «synleggjere» nemnda i samfunnet har vore eit hovudmål i desse åra, og det har altså bore frukter. Vi har spurt Baldur kva som er det viktigaste arbeidsfeltet for Íslensk málnefnd.

– Pr. i dag er det ordtilfang og terminologi vi må konsentrere kreftene om, og det er sjølvagt typisk for den islandske språksituasjonen i det heile at det må vere slik. Det er på dette feltet dei store utfordringane ligg, og behovet for ei samordning av innsatsen her har vaksse eksplosivt i desse åra og blir berre sterkare år for år. Hadde ikkje nemnda alt funnes, hadde vi mått skipe ho no.

Jamfører vi med norske forhold, kan vi seie at Íslensk málnefnd tilsvavar ein kombinasjon av Norsk språkråd og Rådet for teknisk terminologi. Her på Island set vi ikkje dei klare grensene mellom fagspråk og allmennspråk som dei gjer i dei andre nordiske landa; vi tar oss av begge språktypane og følgjer dei same grunnleggende prinsippa for begge: vi vil fremme bruken av reitt islandske ord (gjerne omsettingslån) overalt, men godtar lårord der våre eigne språklege resursar ikkje strekk til. Men desse lårorda skal da tilpassas islandsk uttale, rettskriving og bøyning.

– Men språknemnda sit vel ikkje og lagar alle nye ord åleine?

– Nei, sjølvagt ikkje. Island har sterke tradisjonar på dette området, og det er vanleg at nye ord blir laga heilt spontant – av lekfolk eller fagfolk på andre område enn språk – og får gjennomslag. Men slik spontan ordlagning kan ikkje komme i staden for systematisk terminologiarbeid. Vi har døme på at ymse fagmiljø har sett i gang arbeid for å bygge opp sin eigen islandske terminologi uavhengig av språknemnda, til dels før den kom til. Alt

i 1919 sette Ingeniørforeininga ned eit utval til å ta seg av dette, og frå 1941 vart dette arbeidet tatt opp att. Ei liknande pionerånd viste den islandske Dataforeininga ved å sette ned eit terminologiuutval (*ordnemnd*, kallar vi det) i 1968. Matematikarar, pedagogar, fysikarar og geografar følgde etter utover i syttiåra, ofte heilt uavhengige av kvarandre og uavhengig av dei språkvitskaplege miljøa.

I 1979 tok så språknemnda eit initiativ ved å innby til eit møte mellom dei av desse nemndene som vi kjente til, og det viste seg å bli svært fruktbart. Terminologiarbeidet kom inn i fastare former, og det vart skipa nye nemnder for ei rekke fagområde i åra som følgde. I dag er det i gang om lag femten nemnder, etter det vi veit. Dei fleste har enno ikkje fått gitt ut ordmaterialet sitt, for der støyter dei på tekniske og økonomiske problem som nesten er verre enn sjølve det faglege arbeidet. Dataforeininga, til dømes, hadde vanskar med dette. Dei vendte seg direkte til Språknemnda med materialet sitt, og vi gav det da ut som første (og hittil einaste) band i serien Skrifter frå Íslensk málnefnd (*Tölvuordásafn*, dvs. «Dataordbok»). Det er no i gang eit formelt samarbeid mellom oss og Dataforeininga om det vidare terminologiarbeidet.

Også dei andre nemndene legg stor vekt på språknemndas rolle som samordnande og språkfagleg organ. Vi har halde fram med å skipe til fellesmøte mellom nemndene, og i fleire av dei sit det ein språkkonsulent som vi har skaffa. Det neste steget i dette arbeidet blir å



Baldur Jónsson.

bygge opp ein termbank, ein tanke som har modna i fleire land, og som vi vil delta i eit internasjonalt samarbeid om, da først og fremst saman med dei andre nordiske landa.

– Kva er så dei viktigaste arbeidsoppgåvene for språknemnda utanom terminologiarbeidet?

– Vi har ikkje fått utretta så mye på andre område, fordi vi har måtta bruke kreftene på å bygge oss opp som språkfagleg organ med temmeleg små resursar, og vi har ikkje kunna spreie oss på mange felt. Terminologiarbeidet var den oppgåva vi først og fremst måtte prioritere og konsentrere oss om. Sjølvsagt driv vi generell språkleg rådgjeving, ved å svare på spørsmål vi får eller ved å ta opp saker sjølve når vi meiner det trengst. Men tradisjonelt har folk gått med språkspørsmåla sine til Universitetets leksikografiske institutt (Orðabók Háskólans) og ikkje til språknemnda – fordi dette instituttet er mye eldre. Dessuten var dei to første formennene i språknemnda, Halldór Halldórsson og Jakob Benediktsson, sjølve knytte til det leksikografiske instituttet og hadde direkte tilgang til hjelpebøker og anna materiale der. Denne fordelen har vi ikkje hatt dei siste åra, og det fortel litt om språknemndas situasjon at vi ikkje har ei skikkeleg samling av handbøker, ordbøker og fagleg litteratur elles. Sekretariatet er i ein oppbyggingsfase på dette området som på andre, men etter

ÍSLENSK MÁLNEFND

Íslensk málnefnd består av fem medlemmer, alle oppnemnt av undervisningsdepartementet for fire år. Tre av dei blir foreslått av universitetsrådet, Universitetets filosofiske fakultet (heimspekideild) og Universitetets leksikografiske institutt (Orðabók Háskólans). Departementet oppnemmer formann og varaformann.

Sekretariatet heiter Íslensk málstöð og blir drive av språknemnda og universitetet i samarbeid. Sjefen (for tida Baldur Jónsson, som også er formann i språknemnda) er samtidig professor i islandsk språk ved universitetet med avgrensa undervisningsplikt. Sekretariatet er nyskipa i eit husvære universitetet har stilt til rådvelde, og det er enno ikkje laga faste forskrifter for det.

Oppgåvene til nemnda er fastsett i lovs form (*Lög um Íslenska málnefndi*), og kan punktvise samanfattas slik:

- Gi styresmaktene råd i språkspørsmål. Ingen offisielle reglar om språkbruk skal fastsettas utan at nemnda er spurt.
- Vere rådgjevande organ for ålmenta i språkspørsmål.
- Gi ut rettleiingsskrifter, m.a. ei rettskrivingsordbok og andre ordbøker.
- Samle nyord og gjere dei kjent, og følgje med i språkbruken på dette området.
- Drive terminologiarbeid i samarbeid med ordnemnder for ymse fagområde, samordne dette arbeidet og sørge for å få utgitt termlister og standardar.
- Samarbeide med massemedium og skolar og andre institusjonar med stor språkleg innverknad, og med person- og stadnamninstitusjonar.
- Drive internasjonalt samarbeid om standardisering og terminologi, og vere med i det nordiske språksamarrbeidet m.a. gjennom Nordisk språksekretariat og dei årlege nordiske språkmøta.

Sia 1982 har nemnda gitt ut eit meldingsblad to gonger i året, *Fréttabréf Íslenskrar málnefndar*. Interesserte kan tinge det hos Íslensk málnefnd, Aragötu 9, IS-101 Reykjavík, Island.

kvart som vi får større resursar og blir meir kjent blant folk (m.a. gjennom eit heilt nytt fast radioprogram om islandsk språkrøkt) vil stadig meir av rådgjevinga falle på oss.

– Men har språknemnda normerande makt, t.d. i rettskrivingssaker eller spørsmål om rett og gale i språket?

– Formelt er det departementet som har normerande makt, og vi er rådgjevande instans for departementet. Får vi spørsmål om rett og gale eller godt og dårlig språk, svarar sekretariatet. Gjeld det vanskelege eller prinsipielle spørsmål, blir saka tatt opp i møte i sjølve nemnda. Men vi har uttalt oss svært lite i slike prinsipielle spørsmål hittil.

Når det gjeld rettskriving, så står det i lova om Íslensk málnefnd at vi skal lage ei rettskrivingsordbok. Skal vi det, må vi jo ta stilling til staving og bøyning av enkeltord i tvilsspørsmål. Men vi vil ikkje sette i gang med dette før spørsmålet er blitt diskutert i vidare krinsar, og vi vil ikkje komme med forhasta direktiv i

Tema: Islandsk språkrøkt og språkdebatt



Islandsk forretningsspråk: «Ja, 'plottet' gjekk opp.» «Eg synes vi har gjort ein god 'deal' her.» «Dette er jo alltid ein litt 'risky business'.»

slike saker. Vi har verken heimel eller tradisjon for å komme med rettskrivingspåbod, og i alle fall i større eller meir prinsipielle saker bør det generelt ikkje komme slike påbod uten offentleg ordskifte på førehand.

Det lærte vi da rettskrivinga siste gongen vart forandra her på Island, nemleg i 1974. Da vedtok undervisningsdepartementet utan noen slik debatt at bokstaven z i islandsk ord skulle fjernas i offisiell rettskriving, dvs. den rettskrivinga som skulle brukas i skolen. Denne z-en vart brukt for å vise at det før hadde stått ein d, t eller ð i eit ord, som no var stum. Ein skreiv t.d. íslenzk fordi det kjem av *Íslund* (jf. norsk *islandsk*), bezt fordi det kjem av *betri*, *herzla* fordi det kjem av *harður* (jf. norsk *herdsle*). No skulle ein skrive etter uttalen: *íslensk*, *best*, *hersla*.

Språknemnda vart ikkje spurt den gongen – noe som meir enn noe anna viser kva for status ho hadde. Fleire år etterpå, i 1978, vart saka igjen offentleg debattemne, og jamvel tatt opp i Alltinget, og da var det for seint å gjere om att vedtaket. Same kva ein meiner om innhaldet i vedtaket, må ein seie at gjennomføringsmåten ikkje var god.

Uttalenormering?

– I det siste har også uttalenormering vorte eit diskusjonsemne her på Island. Alltinget vedtok i fjar å be regjeringa om å auke innsatsen for språkrøkt og undervisning i islandsk uttale i grunnskolen og i kringkastinga, og du sjølv har uttalt deg offentleg om det som eit problem som bør drøftas nærmare. Kvifor er dette spørsmålet komme opp no?

– Det har vore oppe før òg, for mange år sia, da språkforskaaren Björn Guðfinnsson gjennomførte ei større kartlegging av islandske uttalevariasjonar. Hans meining var at ein burde komme fram til ein einskapleg riksuttale, men han døydde forholdsvis ung (i 1950), og saka vart ikkje tatt opp av andre.

Det er jo slik at islandsk alt har ein svært einsarta uttale; vi har ikkje dialektar i den tydinga t.d. ein nordmann vil legge i ordet (sjølv om somme vil kalle dei uttalevariasjonane vi har for dialektar). Blant dei viktigaste av dei skilnadene som fins, vil eg nemne uttalen av *hv-* i ord som *hvila*: dei fleste seier *kvila*, men på Sør-Island seier mange *hvila* med uttalt *h* (ikkje stum som i norsk bokmål). Framfor ustempt plosiv blir *l*, *m* og *n* uttalt ustempt over det meste av landet (døme: *stúlk* (jente), *skemmtun* (moro), *menntun* (danning)), men stempt på Nordaust-Island. I same landsdelen har dei «mjuk» uttale av *p*, *t*, *k* etter lang vokal (*bida*, *griba*, *taga* for *bíta*, *grípa*, *taka*), mens resten av landet har «hard» uttale liksom dei fleste norske dialektane. Somme andre slike variasjonar finns også, men dei rører ikkje ved sjølv det fonologiske systemet.

– Da skulle det heller ikkje vere noen grunn til å einsrette dei?

– Nei, det har vore og er den dominante oppfatninga. Dette er skilnader som har vakse fram for fleire hundreår sia og vorte tradisjonelle, og dei har lik status i samfunnet – omrent som «rulle-r» og «skarre-r» i Norge. Meir problematiske er framvoksteren av nye uttalevariasjonar som skiplar den grunnleggande einskapen i målet. For ein generasjon sia vart det ført ein hard kamp mot såkalla «flámæli» – ein uttale der open *i* og *u* vart blanda saman med *e* og *ö*. Denne kampen var veldig forsåvidt som «flámæli» vart heilt utrydda eller i alle fall trengt sterkt tilbake.

Men i det moderne talemålet dukkar det opp nye uttalevariasjonar som bryt med det tradisjonelle. Folk forenklar til dømes korte diftongar og seier *hust* og *frandi* for *høyst* (skrive *haust*) og *fraindi* (skrive *frændi*), som er den rette uttalen. Barn og ungdom her i Reykjavík har begynt å uttale ord som *hugsa* og *lax* på norsk måte med *ks*, mens islandsk elles alltid har *chs* med tysk ach-lyd. Eg kunne nemne fleire slike trekk som særleg hører til ungdomsspråket her i Reykjavík, og det er *dette* ein debatt om uttalenormering kjem til å dreie seg om,

NOEN ISLANDSKE DATATERMAR

assembler: smali

assemblere: smala

data: gögn (fleirtal av gagn)

databehandling: gagnavinnsla

datamaskin: tölva

elektronisk databehandling: tölvvinnsla, tölven

loggjar/logger: sjálfriti

mirokodatamaskin: örtölva, dvergtölva

minidatamaskin: miðlungstölva, smátölva

modul: eining

multipleksarl-er: fjölgari, fjölrás

multiplekse: fjöga, fjölrás

Frå *Tölvuordasafn*, redigert av Orðanefnd Skýrsluteknifélags Íslands, nr. 1 i serien Rit Íslenskrar málnefndar, Reykjavík 1983. Dei norske termene er i samsvar med siste utgåva av *Norsk dataordbok* (1984), der det også finns definisjonar.



Islandsk daglegtale. I normal rettskriving seier guten dette: «Hættu þessu, maður! þar er enginn við í kaupfélagini í hádeginu.» «Hald opp med det der, mann! Det er ingen inne på samvirkelaget i middagstida.»

ved sida av å motarbeide utsydeleg og slurvete tale generelt.

– Men alle språk endrar seg, enten det gjeld uttale, ordtilfang, uttrykksmåtar eller formverk. Kor går grensa mellom språkendringar som kan godtas og slike som må motarbeidas?

– Det viktigaste er at vi vil halde på det overleverte islandiske språksystemet, fordi det er knytt til heile identiteten vår som folk. Vi må motarbeide alle endringar som i sin konsekvens kan føre til at islendingane i framtida blir fremmende for den litterære og folkelege språkkulturen som vi har halde i hevd ubroten frå mellomalderen og til i dag. Det er ikkje berre snakk om å arbeide *mot* noe, slik du formulerer spørsmålet ditt, men framfor alt gjeld det å arbeide *for* noe. Å tillate systemendringar i eit språk som er så utsett for ytre press som islandsk, kan få alvorlege følgjer.

Nordisk samarbeid?

– For å ta eit heilt anna emne: Du har i mange år representert Island i det nordiske språksamarbeidet. Kva røynsler har du av det?

– Dei er blanda. Eg meiner eit slikt regelfast samarbeid mellom nasjonar og språksamfunn som har mye sams og ikkje minst mange sams problem er svært verdifullt. Men det er ikkje alltid like lett for oss som står utanfor fellesskapet mellom dei tre «store» språka dansk, norsk og svensk. Alle reknar det som sjølvsagt at vi skal bruke «skandinavisk», og alle reknar det som like sjølvsagt at ingen andre skal bry seg om å lære noen av våre språk. At plikta til å lære og alltid bruke eit fremmendspråk i dette arbeidet einsidig skal kvile på oss, er både urettvist og eit trugsmål mot sjølve ånda i samarbeidet.

Eg er fullt klar over at full språkleg likestilling mellom alle er uråd slik dei objektive språkforholda i Norden no ein gong er. Men i dette samarbeidet av profesjonelle språkekspertar burde det vere muleg for dei «store» å komme oss andre *litt* meir i møte, t.d. ved

å tale å få eit brev på islandsk eller trykke ein artikkel på islandsk i skriftene sine (her er terminologiinstansane meir liberale). I det minste burde det ikkje vere nødvendig å be meg sette om mine eigne islandske artikkelmanus til svensk. Det er rett nok mitt skandinaviske kontaktspråk, men eg kan jo ikkje uttrykke meg så godt på det som på islandsk. Og vi har ikkje ubegrensa med tid og arbeidskraft her heller.

Dette har eg gitt uttrykk for før, og eg er ikkje glad for å gjøre det, for det er ikkje vond vilje hos dei «store» som ligg bak. Problemet er at folk som lever i ein trygg språkleg fleirtalsposisjon, ikkje fullt ut kan sette seg inn i korleis det er å vere i konstant mindretal, å vere den som alltid må komme dei «store» i møte. Det vil jo alltid vere mest «rasjonelt» og «praktisk» å halde seg einsidig til dei «store» språka, og meir eller mindre usynleggjere dei «små».

Utanfor det eigentlege språksamarbeidet blir dette enda tydelegare: Nordisk ministerråd gir årleg ut skriften *Nordiska samarbetsorgan*, med m.a. namnelister over alle som er med i slike organ. Vi måtte i fleire år kjempe for å få våre eigne namn rett skrivne i dette skriften; dei særlandske bokstavane skaper slike store tekniske vanskar, vart det påstått. I denne saka hadde vi elles god støtte frå Nordisk språksekretariat.

Vi har òg hatt problem – som så ofte elles – med å få namna våre alfabetisert på fornamn, som er det einaste rette etter vår namneskikk (eg heiter *Baldur Jónsson* og ikkje «Jónsson, Baldur»). Det er i det heile tatt nedslåande kor vanskeleg det kan vere når små språksamfunn har eigne normer i slike spørsmål på tvers av dei store sine. Representantar for dei små har da valet mellom å «tilpassa» seg eller å ta belastninga med langvarig klagning og krangling for å få gjennomført noe som eigentleg berre krev litt omtanke og omsyn. Dei tekniske problema blir ofte veldig overdrivne.

– Til slutt, *Baldur*: Kva meiner du er den største faren for islandsk språk i dag, og korleis meiner du denne faren best kan møtas?

– Den største faren er den generelle tendensen til internasjonal utjamning og einsretting på alle område, særleg det språklege og kulturelle. Internasjonalisering er unngåeleg og positivt, men det kulturelle mangfaldet som dei ymse etniske og nasjonale særkulturane representerer, må bevaras om ikkje heile verdssamfunnet skal bli fattigare. Dette krev innsats, og det krev eit sterkt språkleg og kulturelt medvit. Her på Island har viljen til å halde fast på våre språklege og kulturelle særdrag vore sterk, men eg har inntrykk av at folk i dag er meir likesele enn for berre tjue år sia. Det er presset frå internasjonal popkultur og kommersialisering som verkar på folk og svekker den språkleg/kulturelle forsvarsvaljen. Derfor vil eg sjå det som den fremste oppgåva for språkvernet og kulturvernet å få til ei mentalitetsendring her. Vi skal ikkje avvise alt som kjem utanfrå, men vi skal vere så bevisste at vi kan velje kva vi vil ta imot og halde ute det vi ikkje ønskjer. Så vi må styrke undervisninga og auke kunnskapane i islandsk språk og kultur, ikkje berre i skolen, men òg gjennom massemedia, særleg fjernsynet. □

ÁRNI BÖÐVARSSON:

KRINGKASTINGSSPRÅKET SKAL VERE FØREDØME

I fjar fekk den islandske riksringkastinga (Ríkisútvarpið) noe som Språkråd og målorganisasjonar lenge har mast om å få til her i Norge: ein fast språkkonsulent i heildagsstilling. Da hadde dei sia 1970 hatt ei «norsk» ordning med ein deltidkskonsulent som hadde dette som tilleggsjobb (Baldur Jónsson), men alle partar kom etter kvart fram til at dette ikkje var nok. Derfor kunne Árni Böðvarsson, fram til da lektor på eit gymnas i Reykjavík, ta fatt i sin nye heildagsjobb for eit år sia.

Árni hadde alt frå før ein respektable innsats bak seg som islandsk-filolog. Han er redaktør for den mest brukte islandske handordboka, Íslensk orðabók, som har komme i fleire opplag. Han har òg ofte stått for programposten Daglegt mál i radioen, første gong i 1954. Tidleg på femtitalet underviste han i islandsk ved universiteta i Oslo og Bergen, samtidig som han studerte norsk språk.

– Árni, er du rådgjevar eller språkdiktator for islandske kringkastingsfolk?

– Eg er rådgjevar – eg har inga makt til å påby noe som helst, og ønskjer det heller ikkje. Skulle det bli noe stridsspørsmål som låser seg fast, er det kringkastingssjefen som har den øvste avgjerdsmakta, også i språksaker. Men det er sjeldan aktuelt å dra han inn. I praksis godtar medarbeiderane dei råda eg gir, sjølv om det ikkje alltid skjer utan diskusjon. Så eg bestemmer *egentleg* nokså mye. Dei tilsette har ei positiv haldning til språkrøkt og er innstilt på å gjere eit godt arbeid også på det området.

– Betyr det at medarbeidarane står heilt fritt språkleg, eller har dei visse vedtatte retningsliner å gå etter, t.d. når det gjeld uttale?

– Formelt fastsette språkreglar har vi enno ikkje, men dette er ei sak som er i arbeid. Eg har sjølv sete i ei intern nemnd som har lagt fram utkast til slike reglar, men sia dei enno ikkje er ferdigbehandla, kan eg ikkje no seie noe om kva dei går ut på. Men sjølv sagt har eg følgt visse prinsipp i arbeidet mitt som språkkonsulent.

Eg vil gjerne skilje mellom offisielle sendingar og sendingar med ein meir personleg svip. Offisielle sendingar er slikt som nyheitssendingar, meldingsteneste, undervisningsprogram. Der bør dei følgje dei normene for god islandsk som er nedfelt i autoriserte lærebøker og ordbøker, dei normene det blir undervist etter i skolen. I personleg prega sendingar kan det vere større slingringsmonn, men sjølv sagt bør det vere grenser her og.

Såleis kunne eg tenke meg böyingsformer som *hellrar* (fleirtal av *hellir* = berghole), *læknirs* (genitiv av *læknir* = lege) og *dugar* (presens av *duga* = duge) i personleg

prega sendingar, og sameleis ord som *rolla* (sau), *belja* (ku), *strætó* (buss) og *bíó* (kino). Alt dette er vanleg i uformelt talemål. Men i offisiell språkbruk blir det ikkje rekna som akseptabelt; der lyt ein halde seg til formene *hellar*, *læknis*, *dugir* og *ordaær*, *kýr*, *strætisvagn* og *kvíkmyndahús*. Anglisismar og andre fremmendord som ikkje er godkjent og ikkje tilpassa islandsk språksystem vil vi ikkje ha i det heile, verken i personlege eller offisielle innslag.

Kringkastingsspråket skal vere eit føredøme for anna språkbruk; det er eit prinsipp som er allment godtatt både i kringkastinga og elles i det islandske samfunnet. Når det gjeld uttale, er kravet først og fremst at den skal vere naturleg og tydeleg. Som du veit, har vi ikkje dialektar som dei fleste andre språksamfunn, men vi har visse tradisjonelle geografiske uttalevariasjonar som er akseptert som likeverdige i samfunnet. Her oppmuntrar eg direkte til at alle skal syng med sitt nebb; det er ikkje aktuelt å arbeide for ein einslaga «riksuttale».

– Kva er dei største problema du har å stri med som språkkonsulent?

– Det er ikkje så lett å seie. Eitt problem er den utbreidde substantivstilen i politikarspråket og det de kallar kansellistilen. Eg bruker å lese gjennom manuskript til nyheitssendingar før dei går på lufta om kvelden og diskuterer språklege problem eg finn der med medarbeiderane – det blir mest som ei slags privatundervisning. Da kan eg komme over lange og innvikla setningar bygd opp av samankjeda substantivuttrykk som må brytas opp i kortare einingar. Slike setningar kan vere ille nok i skrift, men sjølv sagt enda verre i opplesing. Tilhøraren kan ikkje gå tilbake og ta eit overblikk.



Árni Böðvarsson.

Elles kan det sjølvsagt vere mye som valdar vanskars, både når det gjeld ordval, uttrykk, bøyingsformer og uttale av enkeltord. Eg gir ut eit firesiders blad kvar månad, *Tungutak*, der eg tar opp slike problem, påtalar feil og därleg språk, og gir meir prinsipielle utgreiingar. Eitt område eg har tatt opp på brei basis, er geografiske namn og avleiningar av dei – der er medarbeidarane ofte i tvil om kva som er den rette eller den beste islandiske forma. Eit anna problem som vi nok alltid vil ha, er bruken av moteord og forslitte uttrykk – det vil vi sjølvsagt avgrense så godt vi kan.

På Island har de jo reklame i kringkastinga. Skaper det spesielle språklege problem?

– Det kan nok hende. Men det er vedtatt at alle reklamesendingar skal vere på korrekt islandsk, og sendigar som ikkje fyller dette kravet, blir vraka. Dette vart nyleg innskjerpa. Det er sjølvsagt først og fremst ordtilfanget som er bøygen her, fordi det alltid vil vere freistande for ein annonsør å bruke engelske ord og uttrykk for å fremme salet. Derfor har vi ganske strenge retningsliner om at når eit islandsk ord for eit begrep først er funne og godtatt, så skal også det ordet brukas. Ikkje «vídeó», men *myndband* («bildebond»), og ikkje «credit card», men *greiðslukort* («betalingskort»). Og dette hjelper: *videó* var einerådande fordi vi var litt seine til å finne på eit islandsk avløysarord, men no ser og hører vi *myndband* stadig meir også i vanleg språkbruk ute i samfunnet. Problemet med eit ord som *videó* er at det ikkje går godt inn i det islandske lyd- og bøyningssystemet – og det er det som er det viktigaste kriteriet for at vi skal godta eit lånord.

– **Er det mye offentleg debatt om kringkastings-**



Islandsk politikarspråk: «Ifølgje utrekningane til Statens økonomiske institutt frå 1. februar i år er inflasjonen innbilning.» Teikninga karikerer ein spesiell «politikarmote» som går ut på å legge trykket i samansette ord på siste ledet, og som dermed bryt med den grunnleggande regelen at trykket på islandsk alltid skal ligge på første staving i ordet.

språket og arbeidet ditt? I norske aviser som Aftenposten er det ikkje uvanleg å sjå sinte innlegg som munnar ut i spørsmålet: «Hvor er Vinje?»

– Slik er det ikkje her. Interessa for språkspørsmål blandt folk er stor, men ho gir seg sjeldan slike utslag som du nemner der.

Kringkastinga driv òg språkleg rettleiing for almenta?

– Vi har eit fast fem minuttars radioprogram med tittelen «Daglegt mál». Den har lange tradisjonar, det er sendt tilsvarende regelmessige program heilt sia tidleg på femtitalet, med røter tilbake til før krigen. «Daglegt mál» gjekk i mange år to gonger i veka; no går han fire gonger i veka, og i tillegg har Íslensk málnefnd no begynt med eit fast program om språkrøkt éin gong i veka. Det er mange som har stått for *Daglegt mál*, vi let posten gå på omgang mellom ulike språkespertar. Sjølv har eg hatt han om lag 300 veker dei siste tretti åra.

Kva meiner du er den største farene som trugar det islandske språket?

– Det må vere den engelske påverknaden som pressar seg på oss gjennom næringsliv, teknologi og vitskap, ungdomskulturen og dei allmenne internasjonale kontaktane som vi må ha. Vi risikerer å bli eit tospråkleg folk, men slik tospråklegheit kan i neste omgang føre til ny eittspråklegheit – dersom vi kjem så langt at engelsk blir brukt meir enn islandsk fordi det blir rekna som meir praktisk. Derfor er det nødvendig med ei sterk språkbevissthet og ein aktiv og energisk politikk for å motverke ei slik utvikling. Og her har alle massemedia eit stort ansvar – eit ansvar som eg meiner dei også tar alvorleg. □

EIRÍKUR RÖGNVALDSSON:

EG VIL IKKJE HA NOEN DOMSTOL SOM SKAL DØMME OM RETT OG GALE

Den islandske språkrøkta har stor oppslutning, men ikkje alle sider ved ho er like uomstridd. Ein av dei som har levert skarp kritikk og sin tur måtta tåle harde åtak på grunn av det, er *Eiríkur Rögnvaldsson*. Han er språkvitskapsmann og hjelpearar i islandsk på universitetet, og han er òg for tida redaktør av det språkvitskaplege tidsskriftet *Íslenskt mál og almenn málfræði*. Ved sida av dette er han med på å drive tekstbehandlingsfirmaet Ritmál.

– Eiríkur, du er blitt framstilt i pressa som ein rabulist som vil rive ned alt det tradisjonell islandsk språkrøkt har bygd opp, ein fare for det islandske språket. Er du imot at språket ditt skal dyrkas og styrkas for å tåle alle påkjennningar i den moderne verda?

– Sjølv sagt er eg ikkje det, og eg har aldri møtt eller hørt om noen som ikkje vil røkte og styrke islandsk så mye som muleg. Det er inga useumje om målet, men derimot er det fleire syn på korleis ein kan nå dette målet. Mye av den tradisjonelle språkrøkta er eg sjølv sagt utan vidare med på, til dømes oppbygginga og utviklinga av eit reint islandsk ordtilfang både i fagspråk og allmennspråk. Eg sit sjølv i ei «ordnemnd» for faget språkvitskap. Ei anna sak er at ein nok i noe større grad burde ta inn ordstammer frå utanlandske språk og tilpassa dei til islandsk. Grunnen til det er reint praktisk: i dag baserer vi oss mye på samansetningar når vi skal lage nye ord, og slike samansetningar har ein tendens til å bli både lange og uhandterlege etter kvart.

Men den viktigaste kritikken min, og det som har verka mest provoserande på somme, ligg på eit heilt anna plan. Språkrøkta og språkrettleiinga her på Island har ein tendens til å vere svært autoritær. Eg kan gi noen døme frå ei rettleiingsbok i «godt språk», utgitt av ein privatmann, men representativ for den generelle tendensen:

«Ein mann sa: Líttu við í kvöld. (Kom innom i kveld.)
HAN MEINTE: Líttu inn, eller Komdu við.

Det er sagt: Peir fóru inn i sitthvert húsið. (Dei fór inn i kvart sitt hus.)

DET RETTE ER: Peir fóru inn i sitt húsið hvor. (... kvar i sitt hus).

La oss rettleie barn som bommar på dette!


Det er sagt: Peir dönsuðu við konu hvors annars. (Dei dansa med kvarandres kone).

DET RETTE ER: Peir dönsuðu hvor við annars konu.¹⁾

Poenget er at dei «galne» uttrykksmåtane her og i mange andre liknande tilfelle er heilt vanlege i normalt talemål, mens det «rette» ofte (sjølv sagt langt frå alltid) er reint litterært. Generelt vil den *eldste* uttrykksmåten få eit «godkjent»-stempel, mens andre vil bli stempla som galne (sjølv om ikkje ein gong dette prinsippet er gjennomført konsekvent). Men, som ein ser av døma, så blir det som oftast ikkje gitt forklaringar og det blir ikkje argumentert for at det eine er rett og det andre gale, det blir berre slått fast som noe sjølv sagt.

No endrar som kjent alle språk seg frå generasjon til generasjon, og mange av desse «galne» uttrykksmåtane er slett ikkje nye, men etablerte i talemålet for fleire hundreår sia. Ingenting tyder på at dei kan utryddas ved at ein set i gang språkrettingskampanjar mot dei. Ein må altså fortsette å terpe på dei i eit evig Sisyfos-strev, og bruke uforholdsmessig stor del av språkundervisninga til ubetydelege detaljar. Det er ei galen prioritering, som går ut over muleheitene til å ta seg av dei verkelege problema i det islandske språksamfunnet i dag.

1) Frå «Gætum tungunnar», Hið íslenska bókmenntafélag 1984.



Eiríkur Rögnvaldsson.

– Som er?

– At folk får altfor lite øving i å uttrykke seg munnleg og skriftleg. Eg tykkjer sjølv at studentane mine ofte skriv därleg, og det er ikkje fordi dei bruker «sitthvort» og anna slikt som puristane hissar seg opp over, men fordi dei har vondt for å uttrykke tankane sine i skikkelege velforma setningar, å bygge opp tekster osv. Det har å gjøre med heile samfunnsutviklinga, og også med det at morsmålsundervisninga blir stadig hardare pressa i skolen – det kjem inn nye fag, og det fører til relativt færre islandsktimar på lågare og lågare steg i grunnskolen.

Å kjempe for fleire morsmålstimar på alle skolesteg burde vere ein viktig del av språkrøksarbeidet. Men det er også viktig å prioritere med den tida og dei resursane ein har: bruker ein mye tid på å drille inn desse litterære uttrykksmåltane, må det gå ut over noe anna. Dessutan gjer det ungane usikre på deira eigen språkbruk, og det har igjen ugunstig verknad på oppøvinga av språkevna.

Språklege klasseskille?

– Du har peika på at denne politikken kan føre til at det utviklar seg språklege klasseskille. Meiner du at dette er noe som er på veg?

– Det veit eg ikkje, for det har aldri vore granska. Språksosiologien står enno i barneskoa sine her i landet. Den gjengse og godtatte sanninga er at både språklege klasseskille og regionale dialektar er ukjente på Island, når ein ser bort frå visse heilt marginale og anerkjente uttaleskilnader. Likevel kan vi sjå visse tendensar til klasseskille, eller mindre bastant: at ulike sosiale grupper bruker språket ulikt, til dømes at dei som har høgare utdanning talar meir korrekt etter boka enn andre. Det er

jo også berre det ein kan vente seg. Men i det ligg det da ein permanent fare for klarare språklege klasseskille, og dei vil lett forsterke seg når dei først kjem opp.

Eg trur det er full semje mellom alle om at dette ikkje er ønskjeleg, og at vi ikkje må stelle oss slik at utviklinga går den vegen. Men igjen er vi usamde om vegen å gå. Her blir språkundervisninga, særleg i grunnskolen, svært viktig, og eg meiner at kampanjen mot «dativsjuka», «sitthvort», fleirtalsformer som *læknirar* i staden for det tradisjonelle *læknar* (legar, eintal *læknir*) osv. kan føre til at slike klasseskille oppstår og forsterkar seg.

No blir det hevdat mot dette synspunktet at undervisninga i skolen må jamne ut dei skilnadene ulik språkbakgrunn heimanfrå har skapt, og at alle derfor må undervisas i det «beste» språket for ikkje å gi dei som har fått det i voggegåve eit forsprang seinare i livet. Og det er ikkje tvil om at det er slike respektable motiv som ligg bak mye av den tradisjonelle språkundervisninga. Men eg trur ikkje følgjene blir slik ein tenker seg. Mye tyder som nemnt på at drillinga ikkje hjelper. Og da kan ikkje resultatet bli noe anna enn å pode inn den forestillinga at t.d. «dativsjuka» er noe gale og mindreverdig, og dermed skape bevisst eller ubevisst forakt for dei «sjuke».

– Ja, det du kallar «dativsjuka» er vel blitt sjølve symbolet på «därleg språk» her på Island?

– Ja, slik er det blitt, og slik har det vore lenge, for det er eit gammalt fenomen i språket. Det går ut på at noen få såkalla upersonlege verb får eit anna subjektskassus enn dei skulle ha etter dei klassiske grammatiske normene for islandsk. «Eg har lyst på» heiter t.d. *mi langar*, og «eg ventar» heiter *mi vantar*. Men i talemålet er det svært vanleg å bruke dativforma *mér* i



«Får eg ringe, mor?» Bruken av «dingla», som tradisjonelt betyr det same som på norsk, i tydinga «ringe» er eit trekk i barnespråket i Reykjavík som puristane átvarar sterkt imot.

Tema: Islandsk språkrøkt og språkdebatt

staden for akkusativforma *mig*: *Mér langar* og *mér vantar*. Dette blir som du seier kalla dativsjuka, og den har fått ei heilt spesiell symbolsk betydning i kampen mot det «dårlege språket».

Dette fenomenet er blitt undersøkt lingvistisk og soiologivistisk, sjá *Íslenskt mál og almenn málfræði* for 1982 og 1984. Konklusjonen er at det er ein samanheng mellom kasusbruken i slike uttrykk og sosial bakgrunn, og at den sterke kampanjen mot dativformene i skolen har skapt og kan forsterke ein språkleg klassekildnad på eit punkt der ein slik skilnad er veldig synleg nettopp på grunn av kampanjane som har gjort folk spesielt merksamme på det. Så det blir ein vond sirkel som stadig forsterkar seg om han ikkje blir broten.

Eg må skynde meg å legge til at det siste ordet langtifrå er sagt om dette, og at heile spørsmålet om samanhengen mellom språk og klasse må undersøkas grundig før vi kan seie noe sikkert. Men det går ikkje an å berre avvise heile problemet slik puristane ofte gjer.

– Fins det noen samanheng mellom politisk standpunkt og haldningar i språkspørsmål?

– Nei, det kan eg ikkje sjå. Den puristiske språkrøkta har brei oppslutning i alle leirar, så spørsmålet er ikkje blitt politisert. Også folk flest vil nok vere einige i at dei hevdvunne metodane er dei beste – men samtidig er det berre eit mindretal som i praksis greier å følgje dei gjeldande normene heilt ut. Det ser ut som eit paradoks, men fenomenet har jo parallelar i dei fleste andre land.

Skal det settas grenser?

– Men kor langt skal ein gå i liberalism? Skal islandsk røktas og styrkas, slik også du vil, så må det vel settas grenser for kor store endringar ein kan tillate?

– Ja, det er heilt klart. Språksystemet, framfor alt bøyingsystemet, må haldas ved lag på alle hovudpunkt. Ikkje fordi eit innfløkt bøyingsystem er noen verdi i seg sjølv, men fordi heile den islandske kulturarven er nedlagt i dette språket med den særeigne kontinuiteten vi har frå den litterære blømingstida i mellomalderen og fram til i dag. Skulle vi få så drastiske språkendringar at heile litteraturen vår (ikkje berre sagaene, men også Laxness og dagens unge forfattarar) blir uleseleg for islendingane i framtida, da vil heile identiteten vår som folk vere truga og truleg dødsdømt. Her er eg heilt på line med puristane.

Men i motsetning til somme av dei kan eg ikkje sjå at dette er i ferd med å skje. Islandsken har endra seg i mange detaljar sia mellomalderen utan at kontinuiteten er broten. Og systemet blir ikkje truga fordi om enkeltord skiftar bøyingsklassen, kasusbruken endrar seg i visse uttrykk, somme ord får ny tyding osv. I alle hovuddraga sine har språket vore svært stabilt fram til i dag. Men skal det halde seg slik, og skal det islandske språksystemet haldas ved lag, er det berre éin ting som nytta –

FIRE GRUNNAR TIL Å OMVURDERE SPRÅKPOLITIKKEN

«Eg meiner at den islandske språkpolitikken er ugjenomførleg på grunn av dei samfunnsendringane vi har hatt dei siste førti åra. Dei kan oppsummeras i minst fire punkt.

For det første lærer barn no språket sitt av andre barn i stor grad, mens dei før lærte det mest av vaksne: foreldra sine, og jamvel besteforeldre. Det er opplagt at dette må få stor innverknad når det gjeld raske språkendringar.

For det andre hadde barna før ei erfatingsverd som langt på veg var den same som den dei vaksne hadde. Da folk flest budde på landsbygda, var barna med dei vaksne i alt som dei tok seg til. Derfor lærte dei straks å snakke om dei fleste av dei tinga som dei vaksne snakka om. No er dette heilt annleis, som alle veit: barna er på skole, på dagheim, i barnehage, på Duran-Duran-festival, eller dei leikar med kameratane sine inne og ute. Foreldra er på jobb, ute om kvelden, på skole, osv. Barna har ting å snakke om som foreldra lite eller ikkje er med på, mens foreldra på si side steller med sitt, som barna ikkje kjem borti og derfor ikkje treng å snakke om. Det er vel tydeleg for alle korleis dette må styrke tendensen til språkendringar. Det gjeld sjølv sagt særleg endringar i ordtilfanget, men desse endringane dreg utan tvil anna etter seg: om folk vantar ord for det dei vil snakke om, blir dei ofte opprødde og nølende, dei ordlegg seg klønnete, må komme med ordrike forklaringar osv.

For det tredje er ikkje språket så viktig på alle område som det var: bildet har komme i staden for det til ein viss grad. I staden for å lese og lytte ser barna no på teikneseriar, fjernsyn eller video. Språket som blir brukt,

er da ofte utanlandsk, og sjølv om det følgjer med islandsk tekst, kan vinninga med det ofte vere tvilsam, så därlege som omsettingane kan vere. Dette fører til at bilda blir hovudsaka, språket i beste fall ei slags krykke som følgjer med.

For det fjerde og siste skal eg så nemne den utanlandske innverknaden. Det er klart at den er der, men eg tykkjer at det ofte blir gjort for mye ut av han. Vi skal ikkje glømme at dei språka som ofta blir nemnt i denne samanhengen, dansk og særleg engelsk, trass i alt er i slekt med islandsk. Om vi finn utviklingstrekk som er felles for islandsk og desse språka, så treng det ikke å vere på grunn av innverknad frå det eine språket på det andre. Det kan like gjerne vere parallelle tilhøve i dei ymse språka som fører til ei parallel språkutvikling.

Sjølv sagt seier eg ikkje noe nytt no – dette veit alle. Men av ein eller annen grunn verkar det som om språkpolitikken ikkje har tatt noe omsyn til det. Det er nemleg ikkje nok med ei klar line – det må også til ein strategi: Korleis skal språkpolitikken utformas i praksis? Det kan hende det var mulig å slå ned «flámelíð» i si tid (sjølv om det kanskje ikkje har lykkes fullt så godt som det ofte blir hevda), men det var ved byrjinga av denne førtiårsperioden som har forandra alt på Island, og det seier ingenting om kor godt ein slik kamp ville ha lykkes i dag..»

Eiríkur Rögnvaldsson i tidsskriftet *Skíma* nr. 1–1985 (Utdrag av ein lengre artikkel: *Málstefnan í nútíð og framtíð*). Til norsk ved Lars S. Vikør.

nemleg øving i å lese, snakke og skrive islandsk – for alle og så mye som muleg. All undervisning må først og fremst innrettas på det.

– Dette er vel alle samde i, men du går utanom spørsmålet om kva ein skal godta eller ikkje godta av språkendringar. Den mest provoserande setninga du har skrive, etter debatten å dømme, er: «Eg vil ikkje ha noen domstol som skal dømme om kva som er rett og gale.» («Ég vil ekki hafa neinn dómstól sem geti daemt eitt rétt og annað rangt.») Korleis kan ein da undervise i språket og halde ved lag språksystemet?

– Den setninga der er blitt grundig mistolka, og det er underleg fordi eg i framhaldet i den same artikkelen forklarer kva eg meiner. Blir eg spurt om ein seiemåte er rett eller feil, vil eg ikkje svare direkte, men eg vil greie ut om kva som er eldst, mest utbreidd, vise korleis seiemåtan passar inn i språksystemet osv. Så kan spørjaren få eit grunnlag til å dømme sjølv. Dette er den rette måten å rettleie universitetstudentar og vaksne folk elles på.

Men i grunnskolen kan ein jo ikkje gjere det slik, og eg meiner sjølvsgatt at vi har bruk for ei språknorm som skil mellom rett og gale. I dag har vi ei slags norm som er nedfelt i tradisjon og sedvane, men det er ingen som har autorisert denne norma og så å seie står ansvarleg for ho. Og sia ei slik norm ikkje kan regulere alle detaljar og gi svar på alle tvilspørsmål, er det fritt fram for meir eller mindre sjølvbestalta smaksdommarar som kan avse sine dommar om rett og feil, og få gjennomslag for det dersom dei har høg nok prestisje i samfunnet – utan å behøve å argumentere fagleg for konklusjonane sine.

Ei språkleg norm å legge til grunn i undervisninga er nødvendig, og den bør ikkje formas av privatpersonar, men av eit ansvarleg organ. Da er det Íslensk málnefnd som peikar seg ut. Men det må gjerast i samarbeid med

andre, ikkje minst universitetet og lærarhøgskolen, men også med representantar for andre samfunnssektorar. I dette arbeidet er det viktig å kunne støtte seg på solide undersøkingar av den faktiske språkbruken blant folk, og det er viktig at ein viser ein grunnleggande språkleg toleranse og hevar seg over tradisjonelle fordømmar.

Korleis ei slik norm blir brukt i praksis, er ei sak for seg. Først og fremst bør ho vere til hjelpe og støtte for dei som skal øve seg opp i å uttrykke seg på best muleg måte, men ho bør ikkje vere eksklusiv slik at alle avvik automatisk blir stempla som feil. Ein kan t.d. godt lære ungane å seie *mig vantar*, og gjennomføre det i alt læremateriell t.d. Men for det treng ein ikkje å brennerme *mér vantar* som feil. Ei viss gradering i normeringa i samsvar med faktiske – og til dels svært etablerte – variasjonar i talemålet, burde vere muleg. For ein nordmann er vel ikkje desse tankane særleg oppsiktivekande eller radikale, men her på Island er det sterkt kost for mange. Den bastante rett/feil-tankegangen er svært inngrodd, trass i at debatten ikkje er ny (han blussar opp med mellomrom), og trass i at fagfolk ofte har eit meir nyansert syn.

– Eg vil avslutte med det same spørsmålet til deg som til dei andre to intervjuobjekta: Kva meiner du er den største faren som trugar islandsk språk i dag?

– Den største faren er at folk bruker språket mindre og mindre, og det har samanheng med djuptgående samfunnssendringar som vi har felles med andre land. Den utanlandske språkpåverknaden trur eg ikkje ville betydd så mye dersom folk var meir vane med å bruke sitt eige språk i skrift og tale, på alle samfunnsområde. Denne faren må møtas med grunnleggande tiltak som tar heile språksituasjonen i betraktning. Det nyttar ikkje å rette oppmerksamheita på enkelte småting og berre hamre på dei.



«Hei, er du ikkje i form?» «Jøss, mann, eg har det kjempe fint.»



Islandske barn lærer rekka av kasusformer ved å ramse dei opp med ein bestemt preposisjon føre: «um» tar akkusativ, «frá» dativ og «til» genitiv. Her bruker læraren dei «korrekta» orda «ær» for sau og «kyr» for ku, mens elevane svara «rolla» og «belja». «Glætan» tilsvrar omrent «Jøsses». «Flippa» har same tyding og stilpreg som på norsk.

IDEOLOGIAR OG ARGUMENTASJON I ISLANDSK SPRÅKDEBATT

Av Helge Sandøy

Det har vore brei einigheit på Island om den språkpolitikken som har vore ført dei siste generasjonane. Både sjølve politikken og den samstemte oppslutninga om han har vore særmerkt, slik at begge delar er blitt ståande som kjennemerke på samfunnet. For dei som har besøkt landet dei siste tiåra, har det likevel vore mulig å få ei kjensle av at det snart ville begynne å koke under kjelokket. Den offentlige einigheita har virka tildekkande.

Dei aller siste åra har så debatten blussa opp. Det har komme fram ein motideologi, som sikkert vil auke bevissttheita om språkpolitikken. Eit uttrykk for eit nytt nivå i debatten er det at ordet 'språkpolitikk' («málstefna») først dukka opp for få år sia. Om det før har vore tale om 'målrett' o.a., avspeglar det nye ordet likevel eit nytt perspektiv: det er tale om politiske val og politiske premissar.

Denne artikkelen vil vise noe av den nye debatten og drøfte forutsetningane for han. Vi skal òg sjå på den tradisjonelle politikken, men den historiske presentasjonen av det islandske språksamfunnet må vi utelate her. (Den finn ein f.eks. i Sandøy 1977.)

Den tradisjonelle ideologien

Tradisjonell islandsk språkpolitikk har lagt vekt på det arkaiske og det puristiske. Premissane for verdidommane har vore at det eldste av fleire alternativ er best, og det heimlige er betre enn det innlånte. Ja, i dei vanlige språkdommane har det ikkje heitt bare 'betre' og 'best', det har vore tale om 'rett' og 'galen' islandsk.

I dei fleste tilfelle vil det arkaiske og det puristiske tale for same løysing. Men i samband med nemningar på nye begrep kan sjølvsgatt det arkaiske prinsippet ikkje strekke til. Også islandingane møter dei nye begrepa i dag oftast i engelsk (ev. dansk) språkform. Men dei legg da vekt på å erstatte dei utalandske orda med «islandske ord», d.v.s. med enten 1) ei samansettning som beskriver tingene, 2) eit gammalt og forelda ord som får ny tyding, eller 3) eit nytt ord avleidd av eit som alt fins og ligg innafor tydingsområdet åt begrepet. Eksempel kan vere 1) *dráttarvél* ('traktor'), d.v.s. «dragarmaskin» 2), *sími* ('telefon'), som var eit utdødd ord for 'tråd', og 3) *pota* (=jetfly) som er ei ny, men regelrett avleidiing til verbet *pjóta* (pf. pts. *pottinn*) ('=suse, fyke'). Største fridommen for fantasiene kan ein vel seie er innafor gruppe 2); der må ein plassere eit ord som *tölvu* som er laga med assosiasjonar til *tal* og *völvu* ('spåkjerring') og skal tyde

'datamaskin'. Ei grundigare framstilling av islandsk ordlaging finn ein i Baldur Jónsson 1985.

Islandsk språk har forandra seg svært lite dei siste tusen åra, og dialektforskjellane er svært små. Denne språklige einskapen både i tid og i rom blir ofte framheva som svært verdifull. Språkendring og dialektsplitting blir framstilt som ein vanlagnad for eit språk.

Ettersom islandingane har vore så samstemte om desse premissane for verdidommane, har det ikkje vore nødvendig stadig å argumentere for dei. Men av og til møter vi likevel formulerte argument. Det ein hører oftast er at det ville vere til ubotelig kulturell skade om islandingane skulle få vanskar med å lese den eldre nasjonallitteraturen i originalspråket. Det ville øydelegge den nasjonale identiteten. Den språkrøktpolitikken som går på islandsk ordlaging, blir omtalt som ein måte å styrke språket (*ebla tunguna*) på. Det islandske språket (og samfunnet) er i ein utsett posisjon, i ein stadig overlevelseskamp, og språket er eit forsvarsanlegg som ein må unngå slår sprikker, for elles kan det begynne å rause og fort bli utsletta. Med ordlaginga på heimlig grunn styrker ein dei indre-språklige banda ved at etymologisk og semantisk slektskap mellom orda i språket er klårare. Da blir forsvarsverket sterkare.

Demokratiske argument finn vi òg ofte: Ordлагаinga på heimlig grunn gjør språket meir gjennomsiktig for alle,

det blir mindre avstand mellom spesialisten og den vanlige mann. «Mangelen» på dialektar og sosiolektar blir brukt som vitnemål på at Island ikkje er noe klasse-samfunn; samtidig gir eit homogent språk heller ikkje markørar til å skilje seg ut med som sosialt betre enn andre. Ja, det språksynet som rår, gjør faktisk språket frå bonde- og bygdesamfunnet til ideal, og bysamfunnet og byeliten – som er det økonomiske sentrumet under kapitalismen – må føye seg.

Språkpolitikken i praksis

Ein utlending vil lett bli slått av det allmenne angasjemanget i språkspørsmål, og enda meir av det høge allmenne opplysningsnivået i språklige finurligheter. Det er opplagt at det i skoleundervisninga blir terpa svært mye på språklige finessar, og språkvitarar har drive allmenn opplysning og påvirkning i heile etterkrigstida i eit fast radioprogram, «Daglegt mål», kvar veke. Kjennskapen til dei språklige ideala er derfor svært stor. Lojaliteten til språkpolitikken er òg sterk. Avisene følgjer opp, forfattarar og forlag likeins. Og kringkastingsmedarbeidarane går sjølvsgåt på stram line. Alle desse bør føre eit språk som er til forbilde for andre. Dessutan er vaktarane mange, og dei slår til når dei oppdagar eit feilsteg. Einast den lettare og lødigare litteraturen – som oftast er omsett i full fart frå engelsk – tar mindre nøyé på dei strenge krava. Men det får han òg ris for.

I talemålet er situasjonen ein heilt annen. Men vi skal ikkje undervurdere dei mange som prøver å halde språket sitt «reint». Eit interessant eksempel på kva som er oppnådd nettopp på grunn av den allmenne oppslutninga om ideologien, er utryddinga av det fenomenet isleiningane kallar *flámaeli*. Fenomenet gjeld vokalane *i* og *u*, som i *flámaeli* får ein opnare uttale slik at dei fell saman med *e* og *ö*. Fenomenet var i delar av landet svært utbreidd i første halvdel av dette hundreåret. Tidlig i 40-åra reiste språkforskaaren Björn Guðfinnsson rundt på heile Island og kartla m.a. dette fenomenet hos skolelevane, og undersøkinga hans blei utgangspunktet for ein offensiv imot denne språkutviklinga. Ein såg det som svært uheldig at vokalane *i* og *u* skulle falle saman med to andre. Det ville føre bort frå det gamle. Agitasjonen mot dei «flåmælte» var svært hard, og i dag reknar ein med at fenomenet er utrydda. I alle fall må ein leite for å finne det. Ein slik språkpolitisk aksjon mot talemålet krev sjølvsgåt allmenn oppslutning om dei rådande språkhaldningane for å kunne lykkas.

Sjølv om dette eksempelet er interessant, må vi ikkje overdrive mulighetene for å styre talemålet. Resultata på ein del andre område har vore heller magre. Det har vore stor oppmerksamhet om f.eks. det som blir kalla «dativsykja», d.v.s. at mange bruker dativ i staden for akkusativ ved ein del upersonlege verb. Men trass i alt opplysningsarbeidet ser ikkje fenomenet ut til å vike. Ymse nyare og dermed galne substantivbøyinger står òg sterkt imot alle normeringsforsøk.

Vi ser dermed at den aktive språkpolitikken, normeringsarbeidet, blir retta mot både skrift og tale, og mot både lydverk, grammatikk og ordforråd.

Samfunnsmessige forutsetningar

Det er heilt særmerkt for Island med slik stor offentlig einigkeit om språkpolitikken og (trass i alle etterhald) slik sterk lojalitet til ideologien. Vi må forstå dette først og fremst utifrå den politiske og økonomiske nasjonbygginga. Den formelle sjølvstendigheitsstriden (med Danmark) varte til 1944. Dessutan er islandingane eit lite folk som må bruke relativt mange krefter på nettopp å markere nasjonen. Og endelig har det vore tale om ei økonomisk oppbygging på kort tid av ein moderne industristat frå eit nærmest middelalderlig bondesamfunn.

Ei sterk politisk bevisstheit om at ein sjølv er med på å bygge opp nasjonen må òg virke inn på holdningane borgarane har i kulturelle spørsmål. Det skaper samhald og einigkeit, ein slags nasjonal bureisingsmentalitet. Bildet av vesle Island som må kjempe for å overleve ytst i sivilisasjonen, kjem ofte fram. Alle torskestridanane i etterkrigstida har stadig aktualisert det bildet.

Slik kan vi forstå oppslutninga om språket som eit forsvarstiltak. Dei politisk radikale – som ein kunne kanskje ha venta ville føre ein indre samfunnskritisk debatt – har i etterkrigstida vore oppatt av å peike på korleis landet blir underlagt amerikansk stormaktpolitikk og vestlig kapitalisme. For dei har det derfor vore viktig å heise det «reine» språket som sjølvstendigheitsfane. Og frå dei politiske konservative kan ein neppe vente å høre kritikk mot ein politikk som skaper grunnlag for eit språklig aristokrati.

Endringar i samfunnet

I dag er Island eit «normalt» vestlig land. Isleiningane treng ikkje føle seg som økonomisk tilbakeliggande. Velstanden er som i andre nærliggande land. Urbaniseringa har gått lenger enn hos oss; bare i Stor-Reykjavík bur halve befolkninga. Det siste har sjølvsgåt betydd mye for den ungdomskulturen som har vakse fram, på Island også. Både ungdommen og andre lever i det internasjonale kulturelle hopehavet som vi i andre vestlige land.

Tradisjonelle klasseskilje – som i større land – finn ein ikkje på Island, for det moderne samfunnet er for ung til å ha utvikla skarpe kulturelle motsetningar. Men moderniseringa av samfunnet har der òg ført med seg ei utvikling av sosiale lag, og økonomisk og politisk makt er ikkje der heller likt fordelt. Dermed aukar klasseskilja, og dei kulturelle motsetningane kjem klårare fram.

Det moderne velferdssamfunnet gir ikkje same grunnlaget lenger for ein utbreidd bureisingsmentalitet.

Språklige endringar

Utanom dei undersøkingane Björn Guðfinnsson gjennomførte i 40-åra, har det ikkje vore drive systematisk talemålsforsking før dei aller siste åra. Ein kan derfor seie at ein har hatt få sikre kunnskapar om talemålstilstanden i dag. Den svært sterke urbaniseringa har sjølvsgåt vore årsak til store forandringar på dei 40–50 åra som er gått.

Tema: Islandsk språkrøkt og språkdebatt

At talemålet blir påvirket av skriftmålet i våre skriftmålssamfunn, kan ein ikkje nekte for. Men ved nærmere studium vil ein nok erkjenne også på Island kor avgrensa denne påvirkninga er. Talemålet lever på mange måtar sitt eige liv, fordi det har funksjonar som skriftmålet ikkje har. Talemålet viser gruppeidentiteten til individet, det kan brukas til å markere solidaritet eller til å markere avstand.

Den sterke ungdomskulturen har behov for å markere avstand til det etablerte samfunnet. Nettopp det er eit viktig grunnlag for ungdomsslangen. Han blir ein del av ein motkultur, av ein opplevd fridom. Og kravet til samhald er sterkt i ungdomsgjengane, og ikkje minst ønsket hos enkeltpersonen om å vise at ein er «med på notane». I ein slik kultur blir språket svært så levande; på grunn av den spesielle sosiale funksjonen det har, blir kreativiteten sterk, og forandringane kan komme svært fort.

Leksikalske nylagningar eller lån for tradisjonelle nemningar er eit særmerke for slangen. Og om det blir forkjent at den eller den nymotens vara eller oppfinninga skal heite slik og slik på islandsk, kan ein ikkje vente at det blir lojalt følgd opp dersom ungdommen alt har tatt i bruk eit utalandsk lånord for begrepet. Det islandske ordet vil virke som reine jáleriet eller tilgjersla. (Noe anna er det jo å bruke det i skrift.)

Noe tilsvarande gjeld også dativsykja. Sjølv om folk kan vere inderlig vel oppmerksame på at f.eks. *mér vantar* er gale (for *mig vantar* = 'eg manglar'), fører ikkje det automatisk til at dei legg av seg «sjukdomsteiknet». «Dativsjuke» konstruksjonar ser ut til å ha blitt eit kjennemerke for dei sosiale laga som ikkje har lengre skolegonge. Som det er nemt i nyare språkdebatt, kan konstruksjonar som *mér vantar* bli brukt nettopp for å vise solidariteten med desse sosiale gruppene/klassane (Gísli Pálsson 1981.) I skjønnlitteraturen er det òg tydelig at slike «galne» konstruksjonar blir brukt for å karakterisere folk.

Vi ser dermed at det er sosiale mekanismar som motvirkar normeringspolitikken. Med «moderniseringa» av samfunnet er ikkje desse mekanismane blitt veikare.

Det er mange gradar av lojalitet til språkreinsingspolitikken. Det er fleire faktorar som virkar inn på om eit nyýrði (= nyord) får gjennomslag, og få kan forutse lagnaden til eit nytt ord som blir sendt ut «på markedet». Resultatet er da òg at språket får svært mange stilnyansar, frå det reinaste høgtidlige skriftmålet til det simplaste gatespråket med sine lånord og grammatiske «feil». For «automobil» blei det laga eit islandsk ord *bifreið*. Det finn ein i dag i ymse namn, men elles heller lite, også i skrift, for talemålsordet *bíll* (som har fått ei svært så god tilpassing til islandsk lyd- og formverk) har også slått igjennom i skriftmålet. Traktoren derimot blir nok så fast omskriven som *dráttarvél*, men like fast omtalt som *traktor*. Seier ein *dráttarvél*, risikere ein å kalle fram ein smil. I det intense samspelet mellom arkaismar, puristiske ord og uttrykk, lån og slang må den sikte godt som ikkje vil bryte med dei faktiske og kompliserte språkbruksnormene.

Språkdebatten i dag

Kjemisk fritt for rettskrivningsdebatt har det ikkje vore på Island. I 1974 blei skrivemåtar med z bytt ut med skrivemåtar med s (f.eks. *íslenzk* til *íslensk*) etter litt strid. Tanken om å ta den skriftlige konsekvensen av itakismen (d.v.s. at y, ý og ey blir uttalt likeins som i, i og ei) er ikkje heilt ukjent, men ingen foreslår det seriøst. Dette gjeld språkendringar som er gamle og gjennomført over heile landet; vi kan kalle dei reine pedagogiske spørsmål. Desse problema har det vore allmenn bevisstheit om lenge. Forskaren Björn Magnússon Ólsen kom i si tid til at 20% av skrivefeila i skolen skuldast itakismen.

Den debatten som begynte i siste del av 70-talet, kan vi seie først og fremst har prøvd å slå hol på myten om det klasselause språksamfunnet, dessutan har han prøvd å diskutere premissane for språkpolitikken utifrå lingvistisk synsstad. Sosiologen Gísli Pálsson må få æra for å ha brote den offentlige einigheita og ha ordlagt seg så skarp at profesjonelle og lidenskapelige målreinsrar skvatt opp. 30. mars 1978 hadde han ein liten kronikk i socialistavisa *Pjóðviljinn* (= Folkeviljen) der han tok utgangspunkt i ei Alltings-innstilling om morsmålsundervisninga:

Ingen er ukjent med at islandsk språk nå er virkelig hardt pressa. Det gjeld særlig talemålet, uttale og uttrykksmåte. Dessutan minkar også ordforrådet hos folk, og utalandsk påvirkning av alle slag aukar. Det er unødvendig å forklare kor livsnødvendig det er å demme opp for ei slik usumm utvikling og å snu inn på vegen med islandsk språkrøkt, som er den einaste farande om islandsk kultur skal leve og trivas.

Dette sitatet representerer ein tradisjonell og velkjent beskrivelse av språktilstanden. Og alltingsinnstillinga konkluderte med forslag til rådgjerder.

Gísli Pálsson peikar på at den tradisjonelle språkpolitikken bygger på den premissen at somme variantar av islandsk er styggare og meir ufullkomne enn andre. Det språket som blir nedvurdert, blir endatil sett på som eit ufullkomme uttrykksmiddel. Ettersom språket er eit sosialt kjennemerke for folk, blir ei slik nedvurdering av språket også ei nedvurdering av språkbrukarane. Slike språklige vurderingar er ein del av det islandske klassesamfunnet. Og:

«Det er ei kjent sak at ein del av arbeidarklassen fell utafor i det islandske skolesystemet. Og vi er også fullt klar over at den vanlige mann kvir seg for å legge fram meiningsane sine offentlig av otte for å få håndane ord frå språkvetarane. Bitter erfaring har lært folk at det er betre å teie.» (Gísli Pálsson 1978).

Protestane kom. Språkreinsarane protesterte mot påstandar om klassesamfunn og drog fram det demokratiske motivet for språkreinsinga. Dessutan kom det fram ein så sterk indignasjon over synsmåltane til Gísli Pálsson at Höskuldur Práinsson, som seinare kom inn i debatten, har sagt at dei som prøver å vere kritiske til

islandsk språkpolitikk, får ei kjensle av å vere landssvika.

Gísli Pálsson hadde i tidsskriftet *Skírnir* året etter ein lengre artikkel der han utdjupa synsmåtane sine. Han er der òg opptatt av den avstanden som blir skapt mellom aristokratisk «rein» og «god» islandsk på eine sida og kvardagsspråket til folk på hi. Språkreinsarane går i klassesamfunnet si teneste med dei fordømmande holdningane som ligg i absolute dommar om rett og gale, godt og dårlig språk.

Nett denne artikkelen har ikkje provosert direkte så mye skriveri. Men i åra etter har fleire kritiske røster komme fram, og debatten er blitt meir «offentlig». Tidsskrift og aviser har opna for debatten fleire gonger, og emna er blitt tatt opp på seminar og opne språkmøte med fagfolk. Å komme til i slike forum er sjølvsagt eit kvalitativt sprang på vegen frå kritiske tankar til formulert og akseptert ideologi.

Den yngre generasjonen av språkvitarar har tatt opp moderne talemål som studieobjekt. Det er blitt gjennomført fleire undersøkselar av spontan islandsk uttale, og materialet er analysert etter moderne sosiolingvistiske metodar. Dessutan kom det i 1982 ut ei slangordbok (Mörður Árnason o.fl. 1982). Ordboka inneholder mye meir enn det vi her til lands definerer som slang, det er tale om folkemåls- og gatespråkord som ikkje er akseptert i skriftmålet. At boka kom ut, skapte ein del irritasjon, for somme såg på boka som ei velsigning i seg sjølv av slikt språklig slagg (Svavar Sigmundsson 1984). Men desse nye interessene innafor språkvitskapen har gjort språkdebatten meir konkret, og han har også utvikla seg til å bli meir nyansert.

Det nye språklige perspektivet er blitt ført inn i debatten av dei yngre språkvitarane Höskuldur Práins-son, Kristján Árnason og Eiríkur Rögnvaldsson. Dei har f.eks. peikt på at dei heimelaga erstatningsorda ofte blir lange og tungvinne, og dessutan gjør dei gamle, tradisjonelle ord enda meir mangetydige. Slikt kan vere språklig ueheldig.

Dei har vore opptatt av at alderen har vore kriteriet for rett og gale. Ein har oversett at nåtidsspråket har sin eigen sjølvstendige grammatikk. Når utgangspunktet for språknormarane er gammalisk, blir grammatikken i det levande morsmålet å skoleelevarane stempla som galen. Det bygger ikkje opp om noen språklig sjølvtillit. All terpinga i skolen som følgjer av slike språknormer, drep språkinteressa.

Den store konsentrasjonen om ‘rett’ og ‘gale’ har òg ført med seg den oppfatninga at når språket har to eller fleire uttrykk for det same, må eitt vere «den rette» og resten galne. Det blir ein intoleranse mot variasjon. Og når noe først blir stempla som gale, er det ikkje nødvendig å påvise at varianten på noen måte er språklig ueheldig. Alderskriteriet er nok.

Jóhann Hannesson gjør eit stort poeng ut av at angjemanget i å peike på rett og galen islandsk eigentlig er ein måte å finne feil hos naboen på. Slike holdningar og slik intoleranse virkar ikkje positivt dersom ein ønsker å skape eit variert språk, og å gi vanlige folk språklig sjølvtillit nok til å ta del i opne ordskifte.

Vegar framover

Dei nye språkpolitiske verdiane som ein ser nå får eit ideologisk uttrykk, er at språknormene må godta 1) at språket er uttrykk for den personlige og sosiale identiteten åt enkeltindividet, og 2) at alle lag av folket må bli like mye godtatt innafor normene. Dette vil seie at ein må godta grammatikken i moderne talt islandsk – som den språklige bevisstheita er knytt til – og ein må godta variasjon når det ikkje er språksystematiske grunnar som talar imot. At eit substantiv eller verb har gått over til eit anna bøyingsmønster (f.eks. *læknir*, *kýr* o.fl.), er ikkje til skade for språket.


I eit klårare språkvitskaplig perspektiv har uttrykket ‘efla tunguna’ («styrke språket») òg fått eit litt endra innhald: Det gjeld å verne om det lydlige og grammatiske systemet. Sjølvsagt kan ein viss purisme ha visse språklige og demokratisk-politiske fordelar – når ein bare ikkje skaper avstand til talemålet. Men ein større liberalisme treng ikkje svekke språket. Eit konkret framlegg i debatten frå Jóhann Hannesson er at ein godtar fagorda som kjem frå gresk og latin, ein skal bare tilmåte dei til islandsk lyd- og formverk.

Det blir neppe dei store forandringane i islandsk skriftspråk i tida framover. Til det er tradisjonen for sterkt. Men det er svært viktig at nye ideologiar er blitt formulert og framført offentlig. At ideologien blir framført av folk med vitskaplig tyngd, må òg styrke han. Ideologien kan dermed legitimere ein friare bruk av slike lånord som er akseptert i talemålet. Men før stigmatiserte bøyingsformer og f.eks. den vanvørde dativsykja blir å sjå i skrift, må trulig den nye ideologien få både meir allmenn tilslutning og ei form for offisiell godkjenning.

Språkrøktarane har uttrykt otte for at større liberalisme snøgt vil grave grunnen unna demninga som vernar islandsken. Dei har faktisk gitt uttrykk for at sjølve diskusjonen om språkpolitikken er farlig. Men resultatet blir neppe ein utslettande revolusjon, livsgrunnlaget kan derimot bli meir solid ved ein revisjon som skaper betre samsvar mellom skriftmålet og det levande talemålet. Avstanden i dag kan nettopp vere ein trugande veikskap dersom følgja er at skriftmålet kjennes som ei tvangstrøye.

Litteraturliste

- Baldur Jónsson 1985: Isländsk ordbildning på inhemske grund. I: *Språk i Norden* 1985: 5–12. (Nordisk språksekretariats skrifter 4).
- Gísli Pálsson 1978: Málhreinsun og pólitík. I: *Þjóðviljinn* 30/3–78.
- Gísli Pálsson 1979: Vont mál og vond málfræði. I: *Skírnir* 1979: 175–201. Reykjavík.
- Gísli Pálsson 1981: Að hugsa um íslensku. I: *Skíma* 1/81: 3–10.
- Mörður Árnason, Svavar Sigmundsson og Örnólfur Thorsson 1982: *Orðabók um slangur, slettur, bannorð og utangardðsmál*. Reykjavík.
- Sandøy, Helge 1977: Island: Historia ligg gjømt i språket. I: Lars S. Viðkort: *Språkpolitikk på fem kontinent* (S. 75–98). Oslo.
- Svavar Sigmundsson 1984: Slang på Island. I Ringgaard og Sørensen (eds.): *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 5: 369–373. Århus.



BØKER

ELIZABETH MARIE

Gustav Indrebø – forskaren og stridsmannen

«Gustav Indrebø i arbeid og strid» er undertittelen på boka Kjell Venås har skrive om denne trottige språkvetaren og stridige målmannen. Det er ikkje blitt ein vanlig biografi; det er verket minst like mye som mannen som blir gjennomgått og drøfta. Men dermed er boka også blitt ei faghistorie og ei innføring i fleire disiplinar innafor nordisk språkvitskap, og ho er blitt ein studie i yngre norsk språkhistorie. Boka er inndelt i eigne bokar om norrønfilologen, historikaren, stadnamngranskaren, språkhistorikaren, målreisaren og mennesket.

På sine knappe 53 leveår nådde Indrebø (1889–1942) å skrive ei imponegende rad med vitskaplige avhandlinger, og han var innom fleire disiplinar. Utgangspunktet var norrøn filologi med ei handskriftstudie av Fagrskinna, eit omfattande nørønnt historieverk. Den studien blei ei lovande hovudoppgåve (utgitt i 1917). Seinare gav han òg ut norrøne tekstar, først og fremst *Sverressaga* (1920) og *Gamalnorsk Homiliebok* (1931). På første arbeidsplassen sin, som arkivar ved Riksarkivet, fikk han utvikle erfaringane sine innafor faget historie, og han skreiv fleire historiske avhandlinger både i denne tida og seinare. I 1921 blei han tilsett som dosent i nørønnt, men han fikk som særøppgåve å styrke det nyskipa Norsk stadnamnarxiv. Som professor i vestnorsk målføregransking i Bergen frå 1930 skreiv han òg litt om dialektar, men det vitskaplige livsverket hans blei i all hovudsak knytt

til stadnamngranskingsa.

Innafor norsk stadnamngransking har Indrebø gjort eit grunnleggande arbeid. Han utarbeidde retningslinjer for innsamling av stadnamn og viste korleis materialet kan bearbeidas. Sjølv organisierte han også store innsamlingar av stadnamn. Doktorgradsarbeidet hans var *Innsjønamn i Oppland* (1924), elles skreiv han avhandlingar òg om elvenamn, fjellnamn, namn langs kysten og inndelingsnamn.

Det var sjølv sagt med grunnlag i det vitskaplige arbeidet at Indrebø i 1923 blei utnemnt til å vere éin av dei to statlige namnekonsulentane. I denne

Av
Helge Sandøy

gjerninga kunne han stake ut mye av den offentlige politikken i stadnamnnormeringa her i landet. Oppgåva Indrebø såg for seg, var å sluttføre oppnorskninga av namneverket i Norge. Boka *Norsk namneverk* (1927) gir programmet for dette intense arbeidet. Her gir han eit historisk utsyn over namnetradisjonen, og oppnorskninga blir sett på som sluttføringa av den nasjonale gjensreisinga. Oppnorskingsveren førté Indrebø ut i mang ein strid, mest om landsnamnet og noen bynamn. Heitaste striden stod om Nidaros/Trondhjem i 1927–31. Da skreiv Indrebø bok og laga ammunisjon.

Det var Indrebø som forma ut Føresegner um skrivemåten av stadnamn, som blei gitt med klg. res i 1933. Dei la opp til streng normering, og etter ny norsk rettskriving. Dei mange radikale namneendringane som kom på nye kart, provoserte ein del, og Indrebø blei vel gjort ansvarlig også for meir enn rett var. Men Indrebø gikk ikkje av vegen for strid sjølv heller. Hans eige program sette det kravet til han. Det er såleis forståelig at Venås har omtalt mye av namnekonsulentarbeidet under bolken om målreisen.

Språkhistorikar

Eigentlig var kanskje Indrebø mest språkhistorikar. Største enkeltverket hans er *Norsk målsoga* (1951) – som to venner av han måtte legge siste handa på etter han var død. Boka er blitt eit standardverk i norsk språkhistorie. Indrebø arbeidde lenge med denne boka, og ei lita språkhistorie han gav ut i 1926 kan vi sjå på som ein forløpar. Han gjorde fleire nitide granskinger som grunnlag for den avsluttande syntesen. Ingen tvilat på grundigheita hos Indrebø. Men verket blei møtt med ein del innvendingar, som Venås refererer. Først og fremst blei boka kritisert for å vere gjennomsyra av målsynet å forfattaren. Historiske personar blir vurdert utifrå krava Indrebø sette i målstriden i si eiga samtid. Velvillig legg Venås sjølv til: «Dette kan synast som ein veikskap som vi lyt slå oss til tols med, ut frå tanken at ein får ta det vonde med det gode.» (S. 175).

Venås går gjennom alle dei vitskaplige verka åt Indrebø, og desse gjennomgangane gir oss god innsikt i sjølve disiplinane dei er henta frå, både i problemstillingar, metodar og materiale. Til saman blir dei òg ei forskningshistorie ettersom Venås plasserer avhandlingane inn i tida og fagtradisjonen. Dei mange stridane mellom Indrebø og Seip er f.eks. nyttig bakgrunnskunnskap når ein skal lese og forstå fleire av arbeida. Den gjennomgangen Venås har av avhandlingane, verkar lojal og saklig, men òg beundrande. Dessutan vurderer han dei stundom i lys av forskinga og situasjonen i dag, og dei kjem da òg godt ut. Som forskar heldt Indrebø idealet høgt, og han var redelig og open. Venås fortel f.eks. at han justerte synet sitt på opphavet åt namneforma «Norge» under dei harde taka han hadde med Seip.

Målsaka

Vegen var ikkje lang frå språkvitskappen til målsaka. I målstriden var angajemanget hans sterkt, og både med- og motmennene var mange. I denne bolken av biografien kjem vi òg mennesket Gustav Indrebø litt nærrare. Stribukk, ekstremist og einsynt er nok negative merkelappar vi lett henger på Indrebø. Venås har lagt vinn på å få fram at Indrebø var intellektuell open, at han var tolerang og la stor vekt på samhald. Eigenskapane hans blei sett mest på prøve i den lange striden om 38-rettskrivinga. Det blei beiske basketak innafor målrørsla. Der stod Indrebø som høvdingen for i-målsflokken. I denne striden viste han liten vilje til kompromiss, og samhald med resten av målrørsla var ikkje første bodet lenger. Det er i denne tida vi finn grunnlaget for den fraksjonen som samlar seg om den såkalla Aasenlina. Det er merket åt Indrebø desse line-folka framleis prøver å halde høgt. Det brotta dei tok med Noregs Mållag i 1971 var bare ein nødvendig konsekvens som blei dratt altfor seint. Det store nederlaget var eigentlig 38-rettskrivinga – som i-målsfolket trass i innbitt strid greidde å påverke. Indrebø hadde alt i 1936 truga med kløyving i målmannsflokkens dersom ikkje i-målet fikk sin rett.

Dei fleste i målmannsflokkene fann seg etter kvart i den nye rettskrivinga. Framgangen for nynorsken var ei viktigare sak for målrørsla enn striden mellom -a og -i. Før 1938 hadde i-målsfolka hevda at den nye rettskrivinga ville redusere oppslutninga om nynorsk. Men i staden kom eit stort ras med skolekretsar som gikk over til nynorsk og gjorde spådommen grundig til skamme. I-målsfolka prøvde å tolke bort dette resultatet, men Indrebø uttrykte likevel stor glede over det. Nynorsken i bruk var viktigast for han. Han begynte nå å mane til tolsemid i målrørsla.

Strategien åt Indrebø for å få nynorsken utbreidd som bruksmål var at stats-

apparatet skulle gi rom for målet. Dermed ville resten av samfunnet komme etter. Indrebø såg visjonen om den nasjonale gjenreisinga i historisk perspektiv: like lagnadstungt som det var at riksmakta slutta å bruke norsk i mellomalderen, like viktig skulle det bli at staten gikk føre og tok nynorsk i bruk i vår tid. Mållova av 1930 og føresegne om målbruk i staten (frå 1932) blei viktige strategiske delmål. Meir enn noen annen la Indrebø ned eit storarbeid i å presse på for å få lova etterlevd. Han var gjennom heile 30-talet den oppofrande drivkrafta i det praktiske arbeidet i Noregs Mållag, og energien blei i hovudsak brukt til å vakte på og å sende inn klagemål på lovbrott. Sjølv provoserte han endtlat fram ei injuriekontrakt mot seg i dette arbeidet. I dag ser vi sjølv sagt at Indrebø var altfor optimistisk når han trudde staten skulle begynne å etterleve sine eigne lover.

Venås har gått grundig igjennom det Indrebø har skrive og sagt, og han har lese aviser frå tida kring dei store stridane. Det blir derfor eit fyldig og inngående bilde av kva Indrebø gjorde og ikkje gjorde, meinte og ikkje meinte. Venås refererer lojalt og forstår velvillig. Men samtidig stoppar han ofte opp for å vurdere kritisk. Og sameleis gir han att omtalar og vurderingar andre har komme med, også i Indrebøs samtid. Målet for Venås i desse tilfellene er å prøve å forstå Indrebø, og han drar støtt fram orsakande moment.

Indrebø er framstilt som idealist. Titelen på boka, «For Noreg og Ivar Aasen», viser nok òg til det. Målsaka stod over alle andre spørsmål. Angasjemanget i venstrepolitikken og i religiøse samanhengar var også knytt til kampen for nynorsk.

Det er ingen tvil om at Indrebø hadde ein lynande intelligens og eit pålitande minne. Holdningane viser òg at han var heilstøpt. Så konsekvent og uforsørlig verkar han at vi kan få ei kjensle av noe hardt. Men Venås finn også fram til vare og menneskelige drag. Det beste er kanskje dei stadene der Venås avslører endring og utvikling i synsmåtan hans, eller påviser inkonsekvensar i argumentasjonen. Indrebø meinte f.eks. at målfolk ikkje skulle legge seg borti spørsmål som gjaldt bokmålsrettskrivinga. Men sjølv gjorde han det rett som det var. (S. 207). I spørsmålet om obligatorisk opplæring i nynorsk i folkeskolen – ei sak som stadig var oppe i målrørsla i mellomkrigstida – gjorde han kuvending fleire gonger (s. 219). På s. 205 f.eks. viser Venås kor selektiv Indrebø somtid kunne vere i argumentasjonen. Når han i 1930 var opptatt av å diskutere om nynorsken var eit austlands- eller vestlandsmål, utelét han språkdrag som ikkje høvde i framstillinga da – men som han sjølv var fullt klar over i andre samanhengar. Attom

slike «feil» ser vi i alle fall eit levande menneske.

Oftast når Venås drar fram negative sider, ser han dei i det formildande lyset frå dei høge ideala og det sterke angajemanget som dreiv Indrebø. Hardaste dommen feller nok Venås over noen polemiske overtramp Indrebø gjorde i ein artikkel om «Kartverk og stadnamn» i 1932, der han taler om «Dialekt-zelotane» og tilla motstandarane fiendskap mot nynorsk som motiv. Venås avsluttar: «Men når ein står så sakleg sterkt som Indrebø gjer i denne artikkelen, skulle det ha vore uturvande å ta dette opp. Ein kan også tenkje ymist som ein ikkje plent vil leggje fram for alt folket.» (S. 213).

Indrebø skapte strid rundt seg. Han terga med vilje, og Venås kommenterer: «Noko må vi lempe oss for å ta omsyn til kjenslene åt andre om det skal bli verande her i verda». (S. 352). Dette gjaldt striden om bynamnet Bjørgvin, der Indrebø greidde å skape stort spektakkel. Indrebø tok sjølvkritikk nett i den saka. I den oppsummerande bolken om mennesket Indrebø seier Venås: «At Indrebø var stri på meiningsane sine, var eit krav rolla sette, men korkje saka eller han sjølv ville ha tapt på at han somtid hadde vore noko meir viljig til å vedgå at også dei andre kunne ha noko å fara med.» (S. 353f.) At forfattaren øver slik kritikk, skaper tillit.

Venås har ikkje kjent Indrebø personlig. Han har derfor måttå bygge på skriftlige kjelder og omtalar frå andre. Derfor blir boka heller ikkje noen nærgåande personstudie. Ein del psykologiske drøftingar kjem her og der, for Venås er opptatt av personlige eigenskapar. Men vi finn svært lite om det private livet åt Indrebø. Og korfor skulle vi ønske det annleis? Det er den offentlige Indrebø som betyr noe for oss. Derfor set eg stor pris på ein slik saklig og faglig biografi. Med den avstanden Venås har kunna ha, har ei slik form falle lettare. Han har kunna vore ein kritisk beundrar. Ingen lesar kan tvile på innleatingsorda åt Venås, at boka er «skriven i djup vørndn». (S. 31).

Venås har lagt ned eit stort arbeid i kjeldestudium. Her er mye stoff samla, og det kan stundom bli vel mange detaljar som lesaren kanskje ikkje fullt ut ser gagnet i. Men boka er skriven i ein ledig stil, og ho er fri for klisjear. Derimot har Venås ikkje gått av vegen for å bruke heilnorske ord. Når han bruker dei, er det ikkje for å skape høgstemt stilklang, men fordi dei har eit presist innhald. Dei råkar svært godt. Det ligg ei skaparevne i slik språkføring. □

Kjell Venås: *For Noreg og Ivar Aasen. Gustav Indrebø i arbeid og strid*. Novus Forlag 1984. Kr 128,-.

Nytt om stavangersk i oljealderen

Ekspansjonen i Stavanger-området har vore sterk i dei seinare åra. Folketallet i Stavanger er nå ca. 90.000, og av desse 90.000 er om lag 5.000 utlendingar. Området rundt Stavanger (med bl.a. Sandnes) er også folkerikt, og har hatt sin del av ekspansjonen. For ein del år tilbake tenkte folk ofte på fiskebollar og hermetikk når dei hørte tale om Stavanger. I dag er Stavanger-namnet helst knytta til «oljå» og velstanden som følgjer med den.

Dette at byen har fått ein slik ny status, skal også ha ført til endring i identitetkjensla for «siddisane». I alle fall blir det påstått at mens folk derfrå tidligare gjerne sa: «Eg e fra Stavanger – jørr de någe?» – uttrykker dei seg i dag på ein måte som tyder på auka sjølvkjensle: «Eg e fra Stavanger – va de någe?»

Naturligvis er taletmålsituasjonen i dette området interessant ut frå fleire synsvinklar. Kan ein f.eks. til daglig merke noe til all engelsken i oljeindustrien? Koss går det med Stavanger-målet i denne endra situasjonen – blir presset frå eit normalisert bokmål med grunnlag i hovudstadsmålet sterkare nå som næringsliv og virksomhet er meir innretta mot det nasjonale og internasjonale enn mot det lokale?

Stavanger er elles kjent for å ha ei meir eller mindre klar todeling av taletmålet: det «vanlige» folkelige taletmålet (her kalt *folkemålet*) som ikkje er nemneverdig ulikt taletmålet i nabokommunane, og det ein kan kalle det høgare taletmålet (her kalt *dht*), som er brukt av ein del Stavanger-folk. Denne varianten av stavangersk er ulik folkemålet på somme punkt, men har så mange språktrekk felles med folkemålet at det ikkje er rimelig å oppfatte han som ei form for normalisert bokmål.

Nå er resultata av ei granskning av taletmålet til Stavanger-ungdom gitt ut i bokform. Forfattaren er Finn Gabrielsen, som har kalt avhandlinga «Eg eller je?», og spørsmålet gjelder det trulig mest sentrale eller «avslørande» språktrekket for dei to variantane av stavangersk.

Gabrielsons undersøkelse er på det nærmaste identisk med hovudoppgåva hans til embetseksemten ved Universitetet i Bergen 1983. Materialet hans er opptak av samtalar med 30 informantar, 15 gutter og 15 jenter. Personane var elevar i vidaregåande skole og i alderen 16–19 år. Han har valt ut informantane slik at han får like mange i dei 3 «samfunnsklassane» han opererer med, og som han definerer ut frå marxistiske

Av
Helge Omdal

kriterium. I praksis er det slik at informantar i samfunnsklasse 1 har far med høgstatusyrke, i samfunnsklasse 3 far med manuelt arbeid, mens han plasserer det såkalte småborgarskapet i samfunnsklasse 2. Denne siste gruppa virkar nokså heterogen, og mange vil nok stusse ved at også yrke som advokat og lege er plasserte her. Klassifisering av folk i sosialgrupper er alltid vanskelig, men eg vil tru at ein ved slik gruppering også bør ta noe omsyn til kor på den sosiale rangstigen folk med bestemte yrke sjølvve meiner dei hører heime.

Gabrielsen har i tillegg arrangert to forskjellige opptakssituasjoner – ein uformell og ein formell situasjon – for å få fram eventuelle variasjonar i taletmålet. I utgangspunktet vil ein gå ut frå at ein person bruker flest dialektformer når han eller ho oppfattar situasjonen som uformell, f.eks. i samtale med kamaratar på ein fisketur.

For å få fram talverdiar for graden av folkemål eller dht, eventuelt normalisert taletmål, fann Gabrielsen fram til 8 språktrekk (språklige «variabler») som han registrerte da han gikk gjennom materialet. Slike lyttearbeid er svært tidkrevjande, og han opplyser at det gikk med minst 260 timer ved «lytteboksen».

Ved sida av *eg/je* brukte han nektingsadverbet *ikkje/ikke* som variabel, han undersøkte om presens bare ender på *-e* eller på *-er*; tre av variablane gjaldt trykklett *-a* eller *-e* i endinger (f.eks. *å finna* eller *å finne*, *armor-armane* eller *armer-armene*), dessutan tok han for seg «bløde konsonanter» (f.eks. *mad* eller *mat*), og genussystemet, dvs. om hokjønnsordna utgjorde ein eigen kategori (f.eks. ei *flis-fliså*), eller om dei var ein del av kategorien felleskjønn (hankjønn).

Resultata viser at det nok «framleis fins sosial lagdeling i stavangersk taletmålet» (s. 141). Det ser likevel ut til at det bare er eit mindretal som skiller seg ut språklig. Alt i alt er det slik at informantar frå samfunnsklasse 2 og 3 snakkar meir dialekt enn informantar frå samfunnsklasse 1, og at gutter har fleire dialektformer enn jenter. Dette er vel ikkje uventa, men når ein ser på resultata for dei enkelte språklige variablane,

er det grunn til å legge merke til at ingen av informantane har *je* eller *ikke* som eineform. Faktisk er det i den formelle situasjonen bare 2 informantar som har *je* som fleirtalsvariant, og bare 1 som har *ikke* som fleirtalsvariant.

Når det gjelder presens på *-e* eller *-er*, er resultata heilt ein tydige: Her fins bare former uten *r*, trass i at begge skriftmåla våre har *r* i presens. Med tanke på diskusjonen om skriftmålpåverknaden på dialektane, er dette ein svært interessant observasjon.

Trykklett *-a* i fleirtal (*armor-armane*) ser derimot ut til å veksle med ein *e*-lyd (tilsvarende bokmåls- og dht-former) i ein god del tilfelle, og Gabrielsen diskuterer grunnen til dette. Her kan det kanskje reisast eit lite spørsmål ved resultatet. Etter det eg kan sjå, har han rekna ord som *dager* og *deler* med blant dei som skulle ha *-ar* og *-ane*. Desseorda har vel eigentlig helst *-er* som «normal» fleirtalsending i stavangersk. Han er også fleire stader inne på ei «fonetisk utvikling som trekker i same retning» (s. 112), dvs. i retning av eit samanfall mellom trykklett /a/ og /e/ framfor *r*. Han taler i denne sammenhengen om eit nøytraliseringssprodukt eller arkefonem (s. 72), og da slik at ein får uttalen *-är*, f.eks. i «vinter» og «armor». Eg stiller meg noe tvilande til denne fonologiske analysen. Rett nok er det så at det har blitt nokså vanlig å høre ord som «vinter», «skipper» uttalt som *vintår*, *sjippår*, slik som f.eks. også i Haugesunds-mål og Kristiansands-mål, men i stavangersk går eg ut frå at slik uttale likevel blir oppfatta som ein realisasjon av /e/-fonemet framfor skarre-*r* i trykklett stilling. Framleis er det vel så at det er ein tydelig skilnad i uttale mellom f.eks. «einer» (busken) og mannsnamnet Einar?

Gabrielsen finner også at det er få informantar som har 100% skåre når det gjelder variabelen *ptk-bdg* («bløde konsonanter»). Dei fleste har 80–90%, og dette dialekttrekket har tradisjonelt heller ikke markert noe skille mellom folkemål og dht. Men ein skal merke seg at denne fonologiske regelen ikkje er produktiv lenger, dvs. at stemte konsonantar ikkje lenger kommer inn i nye ord etter lang vokal, og Gabrielsen ser ut til å ha funne ein svak tendens i stavangersk ungdomsmål til at ord med *bdg* etter lang vokal etter kvart får *ptk*.

På grunnlag av granskninga meiner Finn Gabrielsen at det er det moderne folkemålet som utvider domenet sitt blant ungdommen i Stavanger. Det høgare taletmålet karakteriserer han som

«eit talemål som er i opploysing som eit sjølvstendig og fullt utbygt språksystem blandt ungdommen» (s. 122). Han legger bl.a. vekt på at den sosiale utjamninga i utdanningssystemet og ungdomskulturen har ført til at ungdommen nå meir identifiserer seg og solidariserer seg med si eiga gruppe, slik at «valet» mellom folkemål og dht ikkje blir lett. Ein av dei kvinnelige informantane frå samfunnsklassen 1 sa det slik: «Je får kjeft jemme fárr at je snakke får stykt. På skolen sie venninn'ne mine: Å, ikkje snakk så pent!» (S. 105).

Med tanke på utviklinga framover meiner Gabrielsen å kunne fastslå at det stavangerske høgare talemålet ikkje lenger er veleigna for toppfolka i Stavanger som vil identifisere seg med den nasjonale eliten i Oslo. Dht har for mange lokale/provinsielle kjenneteikn, slik at det er blitt «ein lokal anakronisme». «Alternativet for Stavangerfolk som vil snakka 'dannet', er derfor ikkje lenger dht, men norsk normaltalemål.» (S. 129). Med andre ord kan motsetninga mellom folkemål og dht bli uaktuell. I staden kan ein få ei motsetning mellom det stavangerske folkemålet og eit normalisert talemål.

Finn Gabrielsen har levert ein nyttig og interessant oversikt over ein del aktuelle språktrekk i Stavanger. Rett nok kan ein komme med noen innvendingar mot den trykte hovudfagsavhandlinga, bl.a. ville boka ha tent på ei grundigare korrekturlesing. Da kunne f.eks. tilnærminga til stavangersk i Gabrielsens nynorskvariant ha blitt meir gjennomarbeidd. Kanskje kunne ein også ønske seg noe meir om sjølv talemålet på bekostning av dei første delane i boka, og noe mindre fagterminologi med tanke på eit breiare publikum. Likevel vil Finn Gabrielsens «Eg eller je?» bli ståande som ei viktig gransking for alle som seinare skal gjøre greie for språkforholda i Stavanger. Verdiene ligg først og fremst i framstillinga av data og i kommentarane til dei forskjellige resultata. Dessutan har eit slikt grundig arbeid gitt Gabrielsen eit innsyn i det stavangerske ungdomsspråket som gjør han vel verd å lytte til også når han uttaler seg om meir generelle forhold ved språket i Stavanger. □

Finn Gabrielsen: *Eg eller je? Ei sosiologivistisk granskning av yngre mål i Stavanger*. Novus Forlag 1984.
Kr 82,-.

RETTING AV TRYKKFEIL

I innlegget av Tove Berg og Reidunn Guldal i forrige nummer (s. 13, nest siste avsnitt) står det at en språkkonsulent konsekvent ville bytte ut «vansklig med vanske». Det skal sjølsagt stå: «vansklig med vanske».

Frå Æ til EG

Av
Lars S. Vikør

Sist haust kom det ut ei ny utgåve av lærarmetodikken *Frå dialekt til nynorsk* (som etter framsideteikninga like gjerne kunne heitt «Frå Æ til EG»). Den presenterer eit undervisningsopplegg i nynorsk som sidemål der ein går ut frå talemålet til elevane i staden for bokmålet som «det kjente» ein skal bygge nynorskinnlæringa på.

Førsteutgåva av boka kom i 1981, og vart meldt og sterkt anbefalt av underskrivne i *Språklig Samling* nr. 1/2-1982 (s. 26-27). Eg skisserer her derfor berre heilt stutt hovudopplegget for boka: det er å drøfte dei venskelege delane av morfologien gjennom ei jamføring mellom fire utvalte dialektar først (Mandal, Toten, Orkdal og Nesna), og deretter presenterere systemet i nynorsk på bakgrunn av dialektgjenomgåinga. Alle valfrie former i nynorsk blir systematisk trekt inn for å vise parallellar og skilnader med dei ymse dialektane. Deretter følgjer ei stuttare og meir generell gjennomgåing av syntaks og ordtilfang.

Det nye i andreutgåva er at dei nye reglane for bøyning av perfektum partissipp er komne med. I dei utvida kapitla om dette emnet skil forfattarane mellom tre tillatne system for denne bøyininga: 1) full samsvarbøyning (som var obligatorisk for enno er påbode i læreboknormalen), 2) bøyning i sterke verb, men ikkje i svake, og 3) inga bøyning i det heile (som best tilsvaret systemet i alle dei fire eksempeldialektane i boka). Så vidt eg kan sjå, verkar framstillinga grei og oversiktleg.

Resten av boka ser ut til å vere reint opptrykk av førsteutgåva. Derfor kan eg vise til sju detaljmerknader i den førre meldinga mi; dei gjeld enno, også der eg refererer til reine feil. Andre detaljar kan det sjølv sagt og vere å pirke på. I sluttordet s. 121-124 burde fjorårets rundskriv frå Språkrådet/KUD om retting av elevane sitt ordval vore nemnt, men det var kanskje enno ikkje utsendt da boka gjekk i trykken. Det går ut på at lærarar og sensorar ikkje skal rette ord hos elevane som ikkje står i ordlistan, når dei ikkje er brukt på ein direkte feil måtte etter vanleg norsk språkkjensle.

Eit spesielt problem er korleis ein skal skrive dialektord. Forfattarane legg skrivemåten så langt som råd opp mot

vanleg ortografi, og åtvarar mot ein «lydrett» skrivemåte som bryt med tilvante skriftbilde og dermed kan skape vanskar for elevane. Dette er nok fornuftig, men likevel kan ein stusse på somme enkeltilfelle i transkripsjonen deira.

Eg nemner berre eit døme frå orkardsmålet: Der er det slik at kort *e* ofte tilsvrar *i* på normalmålet (*drekk, spreng*), mens normalmålets *e* oftast blir uttalt *æ*. Så vidt eg kan sjå, skriv forfattarane nokså konsekvent *e* for kort *i*, men for *æ* i dialektene vaklar dei mellom *e* og *æ* utan at eg kan sjå noe system i det. Sia noe av målet med metodikken er å gi innsikt i det systematiske samsvaret mellom dialekt og skriftmål, spørrs det om ikkje ei noe meir konsekvent vokalnotering hadde vore tenleg – sjølv om konsekvens her ikkje må bli noe mål i seg sjølv.

Eit meir djuptgående problem kjem Lorentsen inn på, ufrivillig kan det sjå ut til, i ein artikkel om dette opplegget i *Mål og Makt* nr. 2-1985. Her kritiserer han andre undervisningsopplegg som går ut på å presentere nynorsk «på anna vis» gjennom lettlesne og engasjerande tekster utan å ta opp det språklege grunnlaget Lorentsen legg vekt på.

Problemet er at for å bli god i nynorsk er det ikkje nok å lære å skrive det på dialektgrunn, ein må også lese mye av det m.a. for å venne seg til skriftbildet og øve opp sansen for god målføring. Dermed verkar det kortsynt å sette desse ulike opplegga opp mot kvarandre i staden for å smelte dei saman, så å seie. Men det meir djuptgående problemet er da dette: Mange av dei tillatne formene i ordlistene er lite brukt i praksis. Kan det få følgjer for språkoppsfatninga til eleven dersom han etter å ha lært ein mest muleg talemålnær nynorsk ikkje finn att denne varianten i det han les? Og kva vil i så fall vere viktigast å diskutere: nynorskundervisninga i skolen eller normeringspolitikken i forlaga?

Geir Lorentsen o.a.: *Frå dialekt til nynorsk. Lærarmetodikk i nynorsk som sidemål*. 2. utgåva.
Det Norske Samlaget 1984.
Kr 93,-.

Om å tenke koffert og sånn

Her skal jeg klatte ned noen strofer om Tone Trytis *Norsk slang* som kom i fjor. Boka bygger på hovedoppgava hennes, men er i følge vaskeseddelen noe forkorta og popularisert. Det er ikke lett å se hva populariseringa består i, for både språket og disposisjonen gir boka et klart preg av vitenskapelig avhandling. Den henvender seg altså mer til filologer med interesse for emnet enn til leserne uten spesielle kvalifikasjoner. Lista over fagterminer bak i boka sammen med ordforklaringer underveis, forandrer ikke dette inntrykket, så det irriterer litt når kilden ikke er tatt med i litterære sitater (som på side 12).

Noe som trulig også er kutta ut i populariseringas navn, er ei nærmere utgreiing om metodene som er brukt i innsamlinga av det muntlige materialet. Det er kanskje forståelig, men når Tryti i innleiinga kommer inn på grunnlaget for materialet i boka, hevder ho at muntlig språkbruk har fått forrang når det gjelder den nyere slangen. Derved skulle det være artig (for en filolog, altså) å vite mer om åssen ho har gått fram for å samle inn materialet.

Av
Pål Styrk Hansen

Da har jeg brukt opp alle mine små innvendinger. Tryti er svært grundig i framstillinga av emnet, trekker historiske linjer, drøfter begreper og trekker inn arbeider av danske, svenske, engelske, franske og norske forskere, sammenlikner norsk slang med andre språk og viser slangbruk i litteraturen – imponerende.

Boka er delt i kapitler etter de språklige grunntypene Tryti grupperer slangorda etter: ordlagning, metaforikk, lånord og ordlek. I tillegg kommer kapittel 1 som er ei avgrensning av slang og nærliggende begreper, og en gjennomgang av åssen slangen som språkfenomen har vært vurdert. Kapittel 6 er om tabuord, og det skal være første gang at dette emnet har blitt systematisk behandla her i landet: «Tabuordene har i

all hovedsak vært leksikografisk undertrykt helt opp til våre dager.» Tidligere slangarbeider utelot gjerne tabuord uten videre, eller nevnte at de fantes uten å komme med eksempler. Men her er alle med, greit tematisk ordna, og i det fyldele slangordregisteret bakerst i boka kan vi slå opp både på f og p og finne det vi måtte ha bruk for, med flere varianter.

Forfatterens mål med boka er å vise bredden i norsk slang for «på den måten å svekke myten om at slang vil si «underlødig» språkbruk». Det mener jeg ho oppnår, sjøl om boka i all vitenskapelighet som nevnt ikke er noe debattinnlegg. Det er viktig å slå fast at slangbruk ikke er noe tegn på ordfattigdom eller sløvhets, og at slangen kan være et like smidig og tjenlig redskap for tanken som allmennspråket. Boka fikk meg til å innsse hvor mye av dagligtalen som er prega av slang, og det var spennende å oppdage hvor rikt språkstoff – kulturstoff – vi øser av når vi bruker slang.

Tone Tryti: *Norsk slang*. Universitetsforlaget 1984. Kr 150,-.

SKRIFTER FRÅ NORDISK SPRÅKSEKRETARIAT

Nordisk språksekretariat har dei siste åra arrangert fleire symposium om faglege emne innanfor feltet nordiske språk, og gitt ut hovudinnlegga (til dels med kommentarar) i bokform etterpå (*Nordisk språksekretariats rapporter*). Eit emne som hittil har kravd to symposium (og dermed to band rapportar) er *De nordiske skriftspråkenes utvikling på 1800-tallet*. Band 1 (utgitt 1984) tar for seg «*Skolens og leseferdigheten betydning for de nordiske skriftspråkenes utvikling på 1800-tallet*», for å sitere undertittelen. Band 2 (1985) handlar om «*Behovet for og bruken av skrift i 1800-tallets forvaltning, næringsliv og privatkommunikasjon*». Eit tredje symposium om den rolla ideologiar og språkstyring spela for nordiske språk på 1800-talet skal haldas i haust.

Eit anna symposium dreia seg om emnet «*Språk og samfunn i Norden etter 1945*». Rapporten derfrå tar opp m.a. korleis språkbruken er blitt påverka av endringane i yrkes- og utdanningsstruktur og av den aukande samfunnsorganiseringa og lovgjevinga, og oppfatninga av «rett» og «feil» språk innanfor språknormeringa i dei ymse nordiske landa (unntatt Island).

Vi håper å komme meir utførleg tilbake til noen av emna og bidraga i rapportane seinare, men intil vidare anbefaler vi dei berre til interesserte. Dei kan kjøpas for 30 norske kroner hos Nordisk språksekretariat, postboks 8107 Dep, 0032 Oslo 1.

*

Nordisk språksekretariat gir ut *Språk i Norden* kvart år. I år er hovudemnet *Ordlaging på heimleg grunn* i dei ymse språksamfunna (islandsks, finsk, nordsamisk, norsk, færøysk, svensk og dansk). I tillegg ein interessant, men lite oppmuntrande, rapport om korleis det står til med kunnskapane i og interessa for dansk, svensk og norsk blant unge islandingar.


*

Språk i Norden har jamt artiklar om islandske språkforhold, noe ein elles finn lite av utanfor Island. Derfor tar vi her med ei liste over slike artiklar som har stått i dei siste årgangane:

- 1977: Jakob Benediktsson: *Aktuelle problemer i islandsk sprogrøgt*
Peter Søby Kristensen: *Dansk og de andre nordiske sprog på Island*.
- 1980: Jón Hilmar Jónsson: *Om skrivemåte og bøyning av fremmedord i islandsk*
- 1982: Baldur Jónsson: *Isländskans ställning och roll i det nordiska samarbetet*
Gun Widmark: *Isländskans och faröiskans roll i det övriga Norden*
- 1985: Baldur Jónsson: *Isländsk ordbildning på inhemska grund*
Ulla Börstam: *Språkförståelse och språkpreferenser i internordisk kommunikation på Island*

LSV

Ivar Hundvin 60 år



Ein av dei aller fremste støttespelarane i Landslaget for språklig samling i seksti- og syttiåra, postsjef *Ivar Hundvin* fylte 60 år 26. juli.

Hundvin er fødd i Lindås i Nordhordland; halvbroar hans var ein annen framståande samnorskemann, lektor Jakob Skauge. Etter lang teneste i postetaten på ymse kantar av landet blei Hundvin tilsett som postsjef i Drammen i 1972. Sia 1979 har han arbeidd som postsjef i Trondheim.

Gjennom meir enn tjue år gjorde Ivar Hundvin ein stor og imponerande innsats for laget vårt, og han er framleis levande interessert i arbeidet for samnorsk.

Hundvin var medlem av sentralstyret frå 1964 og heilt fram til 1981. Den lengste tida var han kasserar i laget. Frå 1973 til 1975 var han dessuten både formann og redaktør for «Språklig Samling».

Som kasserar gjorde Hundvin ein jobb som var heilt eineståande. Han tok seg ikkje berre av den daglige rekneskapsførsla på ein mönstergyldig måte. I tillegg arrangerte han kronerullingar blant medlemmene, ordna med innkreving av lagspengar osv. Så lenge han budde i Oslo, var han også primus motor når det gjaldt adressering og utsending av bladet vårt.

Hundvin er ein kunnskapsrik mann og ein ivrig debattant. Gjennom alle år har han representert laget ved ulike informasjons- og debattmøte, særleg i Osloregionen. Ved eitt høve var han laget sin målsmann ved eit ordskifte i fjernsynet og hevda seg godt der.

Alt i alt kan ein si at få – om noen – har ofra meir tid og krefter på samnorskssaka enn Ivar Hundvin. Vi er han stor takk skyldig for arbeidet han har lagt ned. Eg er sikker på at eg har heile Landslaget for språklig samling med meg når eg gratulerer jubilanten med vel overstått sekstiårsdag. Vi ønsker han alt godt for framtida.

Magne Aksnes

Innkalling til landsmøte

Det blir landsmøte i LSS søndag 13. oktober kl. 11.00 på Vahl skole, Herslebs gate 26, Oslo. Det er fem minutter å gå fra Tøyen T-bane-stasjon i retning av og langs Botanisk Hage.

SAKLISTE:

1. Konstituering, valg av ordstyrer og referent
2. Årsmelding
3. Regnskap
4. Medlemspenger og bladpenger
5. Arbeidet i Språkrådet
6. Opplysningsheftet om radikalt bokmål
7. Arbeidet framover
8. Valg
9. Fråsegner

SENTRALSTYRET

ÅSE GRUDA SKARD TIL MINNE

Dosent Åse Gruda Skard døydde 13. august i år, nær 80 år gammal. Åse Gruda Skard var gjennom fleire tiår mellom dei fremste innanfor norsk psykologi, særleg barnepsykologi, ikkje berre som fagmeneske, men som folkeopplysar og haldningskapar. Her i Språklig Samling minnes vi henne spesielt som talskvinne for ei språkleg tilnærming mellom bokmål og nynorsk på grunnlag av talemålet. Ho skreiv sjølv begge målformene og hadde ei språkføring som stod i samsvar med språksynet hennes. Ikkje minst viktig for henne var det at barn skulle få møte mest muleg av sitt eige i det skriftspråket dei lærte på skolen. Det gror etter henne også på dette området.

Lars S. Vikør

SPRÅKLIG SAMLING

Returadresse:

Postboks 636, Sentrum, 0106 OSLO 1

**Er du opptatt av
språkspørsmål?**

**Vil du støtte arbeidet
for:**

- *et folkelig bokmål og et folkelig nynorsk?*
- *ei gradvis og gjensi-dig tilnærming mel-lom de to målformene på grunnlag av det talemålet folk flest bruker?*
- *rett for alle til å bruke sitt eget talemål uten å bli nedvurdert?*
- *reell jamstilling mel-lom bokmål og ny-norsk?*
- *reelle rettigheter for de språklige minor-i-tetene?*

**Da er Landslaget
for språklig sam-
ling (LSS) noe for
deg!**

Eit Dag og Tid- magasin

NYTT HJELPEHEFTE I NORSK

Heftet er laga av ei gruppe
roynde pedagogar, og stoffet
har vorte provd ut gjennom to år
som serie i vekevisa Dag og
Tid. Etterspurnaden har vore
stor, og stoffet er no samla i ei
endeleg revisert utgave.

Heftet er ei handbok i korleis
ein skriv godt nynorsk og gode
stilar, og er like nyttig i under-
visninga både i hovud- og side-
mal.

Heftet er på 56 sider i maga-
sin-format, og er delt inn i ni
temadeler med arbeidsoppgå-
ver.

Vil ligge fore til skolestart.

Eg tingar
..... stk. av
«Stilskriving og
nynorsk språkbruk»
å kr. 40.-

Namn

Adresse

Send tinginga til
Dag og Tid, Karl Johans gt. 13
0154 Oslo 1
Tlf. (02) 11 14 55

Stilskriving og nynorsk språkbruk

